

Askvoll kommune
Kommuneplanens Arealdel 2015-2026
KONSEKVENSGREIING

Vedteken av kommunestyret 14.10.15, sak 021/15

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjevar:	Askvoll kommune
Rapportnamn:	Kommuneplanens Arealplan 2015-2026
Utgåve/dato:	Vedteken plan
Arkivreferanse:	-
Oppdrag:	530866 – Askvoll KPA
Oppdragsskildring:	Komplett arealplan inkl KU og ROS. Deltakelse i folkemøte.
Oppdragsleiar:	Trygve Andresen
Fag:	Analyse og utredning
Tema	Kommunal- og regional planlegging
Leveranse:	Rapport / utredning
Skriven av:	Trygve Andresen, Karianne Eriksen og Guro Steine
Kvalitetskontroll:	Torhild Wiklund
Asplan Viak AS	www.asplanviak.no

FØREORD

Denne konsekvensutgreiinga er ein del av kommuneplanens arealdel for Askvoll kommune 2015-2026. På grunn av storleik er den delt i tre filer. Det er løpande sidenummer og kapittelinndeling i påfølgjande filer. Innholdsliste vert gitt i den første fila, rett etter føreordet.

Konsekvensutgreiinga er utført av Trygve Andresen, Karianne Eriksen og Guro Steine.

Konsekvensutgreiinga er supplert med nye område etter første offentlege høyring. Dei nye områda er lista opp i innleiinga til kvar krins.

Trygve Andresen
Oppdragsleiar

Karianne Eriksen og Guro
Steine
Kvalitetssikrar

INNHALDSLISTE

1	KONSEKVENSGREIING (KU).....	5
2	METODE.....	5
2.1	Konsekvensutgreiing	5
2.2	Naturmangfaldslova	8
2.3	Innspel som ikkje er KU-vurdert.....	9
2.4	Innspel som er KU-vurdert etter 1. gong høyring	9
3	VERDISETTING OG KONSEKVENSVURDERING	10
3.1	Førdefjorden	10
3.2	Stongfjorden.....	102
3.3	Holmedal (dok 2).....	165
3.4	Askvoll (dok 2).....	225
3.5	Atløy (dok 3).....	282
3.6	Bulandet og Værlandet (dok 3).....	370
3.7	Samla vurdering (dok 3).....	414

1 KONSEKVENsutGREIING (KU)

I tråd med "Forskrift om konsekvensvurderingar - planlegging etter plan- og bygningsloven" (sist endra juli 2013) er det berre dei delane av planen som fastsetter rammer for framtidig utbygging og som inneberer endringar i forhold til gjeldande plan som skal utgreiast.

Konsekvensutgreiinga omfattar desse tiltaka:

- Forslag til nye utbyggingsområde
- Område der det blir opna for spreidd utbygging i LNF-område.

I tillegg til vurdering av dei einskilde innspela til planen vart det gjort ei framstilling av planen sine samla konsekvensar for kommunesamfunnet.

ROS-analyse er utgreia i eiga dokument. Konklusjonane derfrå er henta inn i konsekvensutgreiinga og ligg til grunn for dei samla vurderingane. Det er først gjort vurdering av dei andre KU-temaene. Berre dei områda som ikkje vart slått ut av desse vurderingane er ROS-utgreia.

2 METODE

2.1 Konsekvensutgreiing

Metodikken tek utgangspunkt Miljøverndepartementet sin rettleiar for Konsekvensutgreiingar T-1493. Konsekvensutgreiinga er utført med utgangspunkt i nasjonale, regionale og lokale målsettingar og styringsdokument.

Det blir først vist eit kart før vi gjev ei kort omtale av området. Konsekvensutgreiinga består av ein gjennomgang av på førehand utvalte utgreiingstema. Korleis dei ulike temaa vert vurdert avhenger både av øverskrifta og av kva type utbygging det er snakk om. Konsekvensvurderinga for eit tema består som regel av ei verdivurdering av området som eventuelt vert råka, og ei omfangsvurdering av kor omfattande verdien vert råka.

Vurdering og verdisetting av området

Verdisetting til eit tema for eit område er henta frå aktuelle datasett. Desse nyttar nasjonale standardar for verdisetting, som oftast følgjer ein A til C verdiskala (der A er høgast), eller ein inndeling med verdi av nasjonal, regional eller lokal interesse.

Område som ikkje har kartlagde førekomstar innafor gjeldande KU- tema er sett til liten verdi og blir kommentert i eit merknadsfeltet.

Vurdering av konsekvensar ved ny arealbruk

Konsekvensen er eit resultat av verdien ny arealbruk eventuelt er i konflikt med, og i kva grad den nye arealbruken vil råka verdiområdet (omfang).

Konsekvensar ved ny arealbruk vert vurdert etter ein skala frå -3 til + 3, det vil seie frå store negative konsekvensar til store positive konsekvensar. Dersom ny arealbruk ikkje er vurdert til å få særskilte konsekvensar er det sett til 0. Tema som ikkje vurderast som relevante for eit område er ikkje tallfesta, men gjeve ein kommentar i kommentarfeltet.

Tema som konsekvensutgreiast ved ny arealbruk er vist i tabellen under. Tabellen har teke utgangspunkt og bearbeidd lista for aktuelle tema skildra i planprogrammet.

Det er faglege vurderingar som byggjer på den kunnskapen ein har om innspelet per i dag.

KU- tema	Innhald/målsetting	Registreringar	Kriteria
1. Areal og transport	Oppfylle nasjonal målsetting om rasjonell arealbruk i høve til transport. RPR samordna areal og transport	Nærleik til sentrum, alternativt til viktige målpunkt. (td skule, barnehage, eldreomsorg, anna offentleg servicetilbod).	Nærleik til viktige målpunkt. Fører lokaliseringa til unødvendig stort transportbehov?
2. Barn og unge	Integrere og ivareta barn og unge sine interesser Oppfylle RPR barn og unge.	Her har me brukt dei innspela me fekk på folkemøta.	Råkar tiltaket registrert leike- eller opphaldsområde?
3. Friluftsliv og rekreasjon	Avdekke om det er friluftsliv- og rekreasjonsinteresser i utbyggingsområde.	Fylkesatlas: Regionale friluftsområde, FRIDA, Nordsjøløyper, stiar, Fylkesdelplan for arealbruk og friluftsliv	Råkar tiltaket direkte eller reduserer tiltaket verdi/oppleving i friluftsliv- og rekreasjonsområdet?
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Korleis utbygginga passar inn i eksisterande og planlagt infrastruktur for veg, vatn, avlaup Kapasitet skuler og barnehagar, aldersheim, omsorgsbustad	Kommunal informasjon, og data om vegnett.	Kapasitet på offentlege tenestetilbod og teknisk infrastruktur. Har området/tiltaket tilkopling til offentleg infrastruktur?
5. Samfunns-tryggleik	Innhald frå ROS-analysen, inkl Trafikktryggleik, Rasfare, havnivåstigning, etc.	Det vert utarbeida ROS-analyse etter pbl §4-3. Sjå metode for ROS-analyse i eiga dokument.	Er det avdekka risikotilhøve gjennom ROS- analysen?
6. Næring og sysselsetting	Sysselsetjingseffekt	Tiltaket sjølv. Nye næringsområde og store infrastrukturprosjekt kan gje arbeidsplassar.	Aukar tiltaket sannsynet for at det kan opprettast nye arbeidsplassar i kommunen?
7. Universell utforming	Tilrettelegging for alle brukargrupper, Tilgjenge.	TEK 10 har krav om UU der det er offentlege eller publikumsretta føremål. Ikkje krav for private tiltak/hus/hytter.	Dette er ei skildring av om det er krav frå TEK 10 eller ikkje.
8. Landskap og estetikk	Eventuell konflikt med spesielt verdifulle landskap og kulturlandskap	Kjelde: Fylkesatlas – regional landskapsverdi og lokal landskapsverdi. Høgdeinformasjon.	Er tiltaket lokalisert i eller med direkte/indirekte innverknad på verdifulle landskap og kulturlandskap? Kan kvalitetar sikrast

			gjennom plan og føresegner? Evt aktuelt med omsynssone. «Bebyggelsesstruktur»
9. Kulturminne	Eventuell konflikt med freda eller verneverdige kulturminne eller kulturmiljø	Askeladden og sefrak	Ligg det kulturmiljø eller kulturminneobjekt i området?
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Eventuell konflikt med verdiområde for biologisk mangfald. Naturmangfaldslova	Fylkesatlas: Prioriterte og utvalte naturtypar, område verna etter naturvernlova, naturtypekartlegginga, verna vassdrag og strandsone. INON. Gyteområde. EDNA- registreringar (område med spesielle naturkvalitetar) er retteleiar i planarbeidet.	Råkar innspelet registrerte verdiområde? A-verdi betyr i dei fleste tilfelle at innspelet må avgrensast eller avvistast .
11. Primærnæring	Eventuell konflikt med verdiområde for primærnæring	Kjerneområde landbruk, fulldyrka, overflatedyrka eller beiteområde (DMK /AR 5) Registrerte område for fiske og havbruk (fiskeridirektoratet)	Er tiltaket lokalisert i eller med direkte/indirekte innverknad? Avgrense evt fjerne.
12. Strandsone	100-meters beltet	Kart	Er tiltaket lokalisert i 100- meters beltet? - Ubygd/bygd frå før? - Veg mellom tiltaket og sjøen = utanfor FS (funksjonell strandsone) og ok - Bratt = ikkje FS og ok? - Bratt = store terrenginngrep og ikkje ok? - Privatisering eller auke tilgang? - Behov for reg. for å fastsette byggjegrænse?

Kva tema som er mest relevant for avgjerd varierar mellom dei ulike typene innspel. Der det ikkje vurderast som relevant er det berre notert «ikkje relevant». Nokre tema er fylt ut sjølv om dei ikkje er veldig relevant for avgjerd og er meir av informativ karakter.

I spelet mellom overordna vurdering og vurderingane mellom dei einskilde innspela vert det i nokre døme tilrådd at innspel vert avvist fordi det er vesentleg større tilfang av innspel innanfor eit tema enn det er behov. Dette gjeld til dømes bustad i fleire av krinsene. I slike tilfelle har vi tilrådd at berre dei mest eigna areala går gjennom til planutkastet.

2.2 Naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova eller Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfald gir reglar om berekraftig bruk og vern av naturen og vart godkjent i statsråd 3. april 2009. Lova gir styresmaktene plikt til å vurdere tiltak dersom natur er trua, og har som kanskje viktigaste oppgåve å stanse tapet av biologisk mangfald (naturmangfaldet). Lova gjeld både på land og på sjøen. Fordi lova framleis er nokså ny og ikkje har vore nytta i kommuneplanarbeidet til Askvoll tidlegare, er det lagt særleg vekt på vurdering etter naturmangfaldslova i konsekvensutgreiinga. Dei berande prinsippa i vurderinga er:

Kunnskapsprinsippet (nml § 8)

Krav til kunnskapsgrunnlaget når det gjeld naturmangfald er oppfylt. Det er sjekka opp mot eksisterande kunnskap i følgjande databaser: Fylkesatlas (dekkjer Naturbase), Naturtypekartlegging 1999 («priorterte naturtypar» i kartløyisinga), Artsdatabanken. Område verna etter naturvernlova, Verna vassdrag (NVE) og strandsone, samt kartlegging av Kystblåstjerne lokalitetar frå 2006. Gyte- og oppvekstområde i fiskeridirektoratet si kartløyising. Vi vurderer krav til kunnskapsprinsippet som oppfylt.

Føre-var-prinsippet (nml § 9)

Føresegnene punkt 1.12 sikrar føre var- prinsippet: *Der kunnskap om biologisk mangfald ikkje er tilfredsstillande, gjeld føre var prinsippet. Kommunen kan krevje at tiltakshaver gjennomfører undersøkingar for å forbetre kunnskapsgrunnlaget for vurdering av plan og tiltak.*

Prinsippet om samla belastning (nml § 10)

Samla belastning er i tråd med overordna nasjonale mål for fortetting. Kommunen har lite press på areala, og det er søkt lokalisering av nye byggjeområde utanfor viktige område for grønstruktur, sjøområde og naturområde.

Prinsippet om at kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaveren (nml § 11)

Det vil venteleg ikkje vere store naturødeleggingar som følgje av tiltaka som følgjer av planen. Dersom ein etter nærare undersøkingar, som påkravd i planen, oppdagar behov for avbøtande tiltak i samband med utbyggingar vil desse måtte berast av tiltakshavar. Omsynet er allereie dekt gjennom naturmangfaldslova og treng ikkje repeterast i føresegnene.

Prinsippet om miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder (nml § 12)

Føresegnene stiller krav i forhold til § 12 prinsippet om miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar. Prinsippet om miljøforsvarlige teknikkar og driftsmetodar må følgjast opp i reguleringsplanarbeidet for dei ulike områda.

2.3 Innspel som ikkje er KU-vurdert

Nokre innspel vart silt ut og forkasta før KU-vurdering:

- Dok. 55: Næringsområde gbnr. 213/1 Kleppenes kai (Kleppenes Bruk): Ikkje ønskjeleg med næring i området.
- Dok. 59: Vindmøller i Melværet/Værlandet (Vidar Kaland): Ut frå rammevilkår er det berre dei beste prosjekta som kan realiserast. Det er såleis langt fram i tid til det eventuelt er aktuelt med vindkraftutbygging i Askvoll kommune.
- Dok. 61: Permanent leikeplass i Askvoll sentrum (Vidar Kaland): Ønskjeleg å vidareføre føremål næringsområde i gjeldande reguleringsplan.
- Dok. 68: Hytteområde på gbnr. 109/2 og 4 i Vågane/Stavestrånd (Henrik Veiesund): Ikkje ønskjeleg med fleire hyttetomter i området no, sidan det er mange ledige tomter i nærleiken.
- Dok. 79: Motorcrossbane sør for Atløy skule (Tore Hugøy): Grunneigar har andre tankar om utnytting.
- Dok. 96: Hytter oppfor kulturhuset på Atløy (Sissel Mjåseth): Konflikt med trasé for Atløysambandet.
- Dok. 105: Tursti til Fadersvatnet i Værlandet (Tor Leite): Sti og badeplass vil inngå i LNF-område, og treng ikkje merkast særskilt i plankartet.
- Dok. 124: Byggjeområde på øya Slottet i Bulandet, gbnr. 67/7 (Sigbjørn Halsøy): Vurdert i planprosessen med kommunedelplan for Bulandet og Værlandet. Område ikkje eigna for utbygging.


2.4 Innspel som er KU-vurdert etter 1. gong høyring

Nokre innspel er lagt til etter første gong høyring. Dei nye vurderingane er lagt til bakerst i kvart delkapittel. Det gjeld:

- 3.1.32 Nesskog fritidsbustad
- 3.1.33 Flokenes kai småbåthamn
- 3.1.34 Runnavika akvakultur
- 3.2.22 Stafnsnes masseuttak
- 3.2.23 Mjåset akvakultur
- 3.3.22 Gildringneset akvakultur
- 3.3.23 Rivedal næring
- 3.4.20 Dørhella akvakultur
- 3.4.21 Flatøy akvakultur
- 3.5.30 Sauesund naust / småbåthamn
- 3.5.31 Grov- Atløy skule gs-veg
- 3.5.32 Grov nedre naust
- 3.5.33 Leirvåg naust
- 3.5.34 Vilnes LNF spreidd
- 3.5.35 Torholmen akvakultur
- 3.5.36 Kalvskjenet akvakultur
- 3.5.37 Tviberg akvakultur
- 3.5.38 Raudøy akvakultur
- 3.6.15 Aralden akvakultur
- 3.6.16 Åletholmen akvakultur
- 3.6.17 Stølsneset akvakultur

3 VERDISETTING OG KONSEKVENSVURDERING

3.1 Førdefjorden



KU- kap	Stadnamn	Kjelde / dok.nr	Type innspel	Kartref.	Storleik	Konklusjon	Storleik i plankart
3.1.1	Hestvika	Dok 50	Akvakultur		281	Avvisast	0
3.1.2	Hestvika	07.10.2013	LNF spreidd	Hestvika	134	Akseptert	134
3.1.3	Rørvik aust	17.06.2013	Næring	N1	61	Akseptert	54
3.1.4	Rørvik	07.10.2013	LNF spreidd	Rørvika	211	Akseptert	148
3.1.5	Rørvik	NVE	Småkraft konsesjon			konsesjonsvurdering	
3.1.6	Løvika Ålen /	07.10.2013	Naust	Na1	3	Akseptert	3
3.1.7	Lauvvika	17.06.2013	Fritidsbustad		12	Avvisast	0
3.1.8	Kvammen	Dok 66	Bygg og anlegg div		11	Avvisast	0
3.1.9	Kvammen	07.10.2013	LNF spreidd	Kvammen	64	Akseptert	65
3.1.10	Leknes	07.10.2013	LNF spreidd	Leknes	213	Akseptert	213
3.1.11	Høgda vest	RP skisse	Bustad	B32	42	Akseptert	43
3.1.12	Høgda aust	17.06.2013	Bustad	B1	90	Akseptert	50
3.1.13	Gjelsvik	17.06.2013	Bustad	Løkemyra	81	Omgjering til LNF spreidd	47
3.1.14	Gjelsvik	07.10.2013	Naust		3	Avvisast	0
3.1.15	Holmesundet	07.10.2013	Næring		39	Avvisast	0
3.1.16	Hegrenes	17.06.2013	Bustad	B3	59	Akseptert	13
3.1.17	Hegrenes Liset,	17.06.2013	Bustad		76	Avvisast	0
3.1.18	Hegreneset	17.06.2013	Fritidsbustad		97	Avvisast	0
3.1.19	Gjelsvik	24.06.2013	Gang-/sykkelveg			Akseptert	
3.1.20	Gjelsvik	Munnleg	Tenesteyting	T1	11	Akseptert	1
3.1.21	Skorven	Dok 51	Næring	N3	3	Akseptert (nordleg alternativ)	2
3.1.22	Skorvemarka	RP skisse	Idrett - leirdueskytebane	I1	73	Akseptert	73
3.1.23	Skjerlid	Dok 98	Fritidsbustad	F3	70	Akseptert	69


3.1.24	Flokenes Solheim,	17.06.2013	LNF spreidd	Flokenes	354	Akseptert	354
3.1.25	Flokenes	munleg	Bustad	B5	149	Akseptert	54
3.1.26	Vikane	Dok 47	LNF spreidd	Vikane	139	Akseptert	115
3.1.26	Vikane Merkesvik	Dok 47	Småbåthamn		10	Avvisast	0
3.1.27	nord	17.06.2013	Fritidsbustad		156	Avvisast	0
3.1.28	Merkesvik sør	17.06.2013	Bustad		318	Avvisast	0
3.1.29	Nervik	17.06.2013	Bustad	B7	52	Akseptert	31
3.1.30	Buneset	Dok 143	Fritidsbustad	F5	8	Akseptert	8
3.1.31	Buneset	Dok 143	Fritid-/turistf og småbåthamn	FT1 og SBH2	45	Akseptert	5,5
3.1.32	Nesskog		Fritidsbustad	F26	20,3	Akseptert	20
3.1.33	Flokeneset kai		Småbåthamn	SBH14	1,9	Akseptert	2
3.1.34	Runnavika		Akvakultur	AK1	27,8	Akseptert	28

Etter første gong høyring er det gjort konsekvensutgreiing for område 3.1.32: Nytt byggeområde fritidshus Nesskog, 3.1.33: Ny småbåthamn aust for Flokeneset kai og 3.1.34: Akvakultur Runnavika

Samla vert det føreslått lagt ut:

Føremål	Dekar	Tal på einingar
Busetnad	190	5 område
Fritidsbusetnad	97	3 område
Fritid- turisme	4	1 område
Tenesteyting	1	1 område
Næring	56	2 område
Naust	3	1 område
Idrettsanlegg	73	1 område
LNF spreidd	1076	13 bustader, 2 fritidsbustader og 7 næringsbygg
Småbåthamn	3,4	2 område
Akvakultur	27,8	1 område

3.1.1 Hestvika (Førdefjorden, dok nr 50)



Storleik: 281 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som generell sjø.

Framlegg til ny arealbruk: Akvakultur

Omtale av område:

Det er trong for nytt konsesjonsområde dersom gruvedrift i Engebøfjellet legg beslag på dagens lokalitet ved Dyvika.

Kunnskap om nasjonale laksefjorder: Ordningen med nasjonale laksevassdrag og laksefjorder ble foreslått av Villaksutvalgets innstilling i NOU 1999:9. Hensikten var å verne om viktige villaksbestander i Norge som hadde vist vesentlig tilbakegang i årene før. I st.prp 79 2001-2002 opprettet Stortinget 37 nasjonale laksevassdrag og 21 nasjonale laksefjorder. I st.prp 32 2007 ble disse supplert med ytterligere 15 nye vassdrag og 8 nye fjorder, herunder Førdefjorden. Nasjonale laksefjorder har generelt et forbod mot nye etableringer av akvakulturanlegg (forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder).

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant	0		
2. Barn og unge	Ikkje relevant	0		
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering	0	Ingen kjent konflikt	
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ikkje relevant			
5. Samfunns-tryggleik	Ikkje relevant			
6. Næring og sysselsetting	Syssestellingstiltak		Positiv gevinst	+
7. Universell utforming	Ikkje relevant for tiltaket			
8. Landskap og estetikk	Ingen registrering			
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar	0	Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Registrert som nasjonal laksefjord av omsyn til Naustavassdraget		Innspelet vil stikke hol på nasjonal laksefjord.	- - -
11. Primærnæring	Ikkje relevant	0	Ingen konflikt	0
12. Strandsone				

Samla vurdering


Innspelet avvisast på bakgrunn av nasjonalt forbod.

Fagleg konklusjon: Det er ein pågåande diskusjon om laksefjorden skal beholde sin status. Noverande status inneber at føreslått tiltak vert automatisk avvist.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist. Innspelet vert teke opp til ny vurdering dersom reguleringsplan for Engebø vert stadfesta av departementet. Etablering ligg litt fram i tid.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Lokaliteten vert liggande innanfor nasjonal laksefjord. Reguleringsplan for Engebø er stadfesta av departementet. Eksisterande lokalitet ved Dyvika inkl. fortøyningar vert liggande utanfor fjorddeponiet. Innspelet vert ikkje teke med

3.1.2 Hestvik (fleire eigedomar – styringsgruppe 7.10.2013)



Storleik: 134 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF spreidd bustad

Omtale av område:

I dag er området prega av spreidd busetnad (7 eksisterande bustadar) og dyrka mark. Det ligg langs fylkesvegen mellom Førde og Askvoll og er nordvendt ned mot Førdefjorden.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport (transportbehov)	Hestvik ligg langs fylkesveg 609, 25km frå Førde og 7km frå skulen i Gjelsvika. Buss går langs fylkesvegen.		Området er ikkje eigna som bustadområde, men nokre bustadar for å ta vare på eit kulturlandskap og opne for tilbakeflytting kan vere akseptabelt.	-
2. Barn og unge	Området er nordvendt, ligg nær		Begrensa moglegheiter for leik	-

	fylkesvegen og stadvis bratt		for barn, lange avstandar til aktivitetar for unge.	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved fylkesveg, langt frå skule og barnehagetilbod		Føresett bruk av eksisterande avkjørslar. Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	-
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor elektromagnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Til dels bratt terreng		Ikkje krav om UU	0
8. Landskap og estetikk	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	1 meldepliktig sefrak-registrert bygg.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Noko fulldyrka jord i området.		En del av arealet er i konflikt med jordvernet.	-
12. Strandsone	En god del av tiltaket ligg innafor 100-meters belte. Noko av		I liten konflikt med strandsonevernet.	-

	eksisterande bustad ligg innafor 100- meters belte. Bratt terreng ned mot sjø. Lite tilgjengeleg			
--	--	--	--	--

Samla vurdering


Området er eit gammalt kulturlandskap som er truga av fråflytting. En del av tiltaket er i konflikt med jordvernet. Opning for einskilde nye bustadar kan bidra til å oppretthalde kulturlandskapet i si noverande form.

Fagleg konklusjon:

Tal på nye bustader i planperioden = 3. Utbygging bør skje i nærleiken av eksisterande busetnad og slik at ein ikkje byggjer ned jordbruksareal eller privatiserer i strandsona.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 2 bustader og 1 fritidshus.

3.1.3 Rørvik Aust (eigedom 81/1 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 61 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Forslag til ny arealbruk: Byggeområde næring.

Omtale av område:

Tilrettelegging for industri- / næringsområde.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Transportbehov	Ligg langs fylkesveg 609, i spreidd bygd område		Kunne vore plassert nærare andre næringsområde.	-
2. Barn og unge	Ingen registrering, ingen busetnad i nærleiken		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege	Tilgjenge direkte frå fylkesveg.		Krev ny avkjørsle frå fylkesveg. Byggegrense frå	-


tenester			fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmere sannsynlighet for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Mangel på næringsareal og sysselsetting i kommunen		Positiv konsekvens	+ +
7. Universell utforming	har krav om universelt utforma tilkomst til næringsbygg. Området er bratt.		Blir ivareteke som følge av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Ingen registrering.		Ingen direkte konflikt, men vil bli terrenginngrep.	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Sagvatnet –verdi: lokalt viktig (EDNA: område med spesielle naturkvalitetar)	C	Austleg del av tiltaket er i konflikt med område med spesielle naturkvalitetar	-
11. Primærnæring	Brattlendt skog, ingen aktiv bruk		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Store delar ligg i 100m-beltet, ikkje bygd frå før. Bratt og lite tilgjengeleg. Ingen kjent bruk.		Konflikt mot strandsonevernet. Behov for byggegrense mot sjø må vurderast i reguleringsplan.	-

Samla vurdering

Positivt at det er ønske om meir næringsareal i kommunen. Vil utløyse behov for ny avkjørsle mot fylkesveg. Konflikt med strandsonevernet og konflikt med område med spesielle naturkvalitetar.

Fagleg konklusjon:


Innspelet vert teke inn i planen, men må avgrensast i reguleringsplan slik at det ikkje vil vere i konflikt med område med med spesielle naturkvalitetar.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde næring. Området vert avgrensa i aust, slik at eksisterande bygg vert liggande utanfor området.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen varslar motsegn på reguleringsplannivå dersom det vert anna enn sjøretta næring i 100m-beltet. Området vert ikkje endra i arealdelen.

3.1.4 Rørvik (fleire eigedomar – styringsgruppe 7.10.2013)



Storleik: 211 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF spreidd bustad

Omtale av området

I dag er området prega av nokre samla bustadar over vegen og ein del dyrka mark. Det ligg langs riksvegen mellom Førde og Askvoll og er nordvendt ned mot Førdefjorden.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport (transportbehov)	Rørvik ligg langs fv 609, 25km frå Førde og 7km frå skulen i Gjelsvika. Buss går langs fylkesvegen.		Området er ikkje eigna som bustadområde, men spreidd utbygging for å ta vare på eit kulturlandskap og opne for tilbakeflytting kan vere positivt.	-
2. Barn og unge	Området er nordvendt, ligg nær		Begrensa moglegheiter for leik	-

	fylkesvegen og stadvis bratt		for barn, lange avstandar til aktivitetar for unge.	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved fylkesveg, langt frå skule og barnehagetilbod		Føresett bruk av eksisterande avkjørslar. Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan.	-
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje krav om UU		Ingen konsekvens	0
8. Landskap og estetikk	Ingen registrering. Jordbrukslandskap		Ingen kjent konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Aut. freda gravminne. Fleire sefrak-registrerte bygg. I hovudsak ruiner, men også anna sefrak-registrerte bygg.		I konflikt med aut. freda kulturminne.	- -
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Fulldyrka og overflatedyrka, innmarksbeite og skog (AR5)		I konflikt med jordbruksvernet	- -

12. Strandsone	Ein god del av tiltaket ligg i 100- meters belte. Eksist. busetnad ligg i hovudsak på sørsida av fylkesvegen. Jordbruksareal ned mot sjø. Bratt terreng ned mot sjø i austlege og vestlege delar av tiltaket.		Liten konflikt med strandsonevernet	-
----------------	---	--	-------------------------------------	---


Samla konsekvens

Området er eit gammalt kulturlandskap som er truga av fråflytting. Opning for einskilde nye bustadar kan bidra til å oppretthalde kulturlandskapet i si noverande form.

Fagleg konklusjon: Tal på nye bustader i planperioden = 2. Utbygging bør skje i nærleiken av eksisterande busetnad og slik at ein ikkje byggjer ned jordbruksareal eller privatiserer i strandsona.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 2 bustader. Området vert avgrensa i aust for å unngå dyrka mark.

3.1.5 Rørvik (eigedom 81/1 – NVE)



Storleik: Bandleggingssone på 36 dekar


Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Bandlagt for konsesjonssøknad vasskraft (Omsynssone H740_22).

Omtale av område: Området er nordvendt, ligg ovanfor fylkesvegen, Eit lite bustadfelt ligg vest for området.

Konsekvensvurdering gjerast i konsesjonshandsaming utført av NVE.

3.1.6 Løvika (fleire eigedomar – styringsgruppe 7.10.2013)



Storleik: 3,1 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde naust. Fortetting i høve til eksisterande.

Omtale av område: Området er eit frådelt og bygd naustmiljø i Løvika.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Det ligg fleire gardsbruk og spreidde bustader innanfor ein radius på 1 km		Ingen konsekvens.	0
2. Barn og unge	Ikkje relevant			0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Tilkomst frå kommunal samleveg.			0

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Tiltak mot stormflod bør vurderast. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Ingen registrering Eldre naustmiljø		Omfang og konsekvens er avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	To sefrak- registrerte naust		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdier i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdier og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Liten del vest i området er fulldyrka jord.		Liten konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Området vert nytta til naustområde i dag.		Fleire får tilgang til sjø, men vil føre til auka privatisering	0


Samla konsekvens

Området er allereie i bruk til naust. Fortetting gjev fleire tilgang til sjø, men vil føre til auka privatisering av strandsona.

Fagleg konklusjon: Det vert opna for oppføring av ytterlegare naust i området.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde naust.

3.1.7 Ålen /Lauvvika (eigedom 85/1 og 86 /1 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 12 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad.

Omtale av område: Området ligg ned mot fjorden i Lauvvika, nedanfor eit større samanhengande jordbruksområde. Det ligg ei einskild hytte og nokre få sjøbuer langs strandsona der i dag.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og	Manglar vegtilknytning,			-

offentlege tenester	100 m til privat veg og næraste kommunale samleveg.			
5. Samfunns-tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje krav om universell utforming			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Kulturlandskap heilt ned til sjølina	C/B	Konflikt med kulturlandskap. Nedbygging av kulturlandskapet vil ha negativ konsekvens for opplevinga av landskapet	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Eit meldepliktig sefrak-registrert naust		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdier i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdier og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Området grensar til kjerneområde landbruk. Innmarksbeite og noko fulldyrka jord (AR5).		I konflikt med jordvernet	- / - -
12. Strandsone	Heile tiltaket ligg innafor 100-meters belte. Området er lite utbygd i dag.		Konflikt med strandsonevern.	- - / - - -


Samla konsekvens

Tiltaket er i konflikt med kulturlandskap, jordvernet og strandsonevernet. Vidare manglar området vegtilknytning.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist.

3.1.8 Kvammen (eigedom 87/18 – innspel dok 66)



Storleik: 10,7 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bygg og anlegg (hytte, bustad og næring).

Omtale av område: Skogkledt skrent, austvendt ned mot Kvammen. Området er i dag ikkje bygt.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Området ligg nære Høgda.		Ingen særskilt positiv eller negativ konsekvens.	0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Kommunal veg ligg både på oversida og nedsida av innspelet .			0
5. Samfunns-				

tryggleik				
6. Næring og sysselsetting			Innspelet vil gjere det mogleg å etablere ny næring, særleg om det vert kommunisert godt nok.	+
7. Universell utforming	Krav om universelt utforma tilkomst til næringsverksemd Bratt terreng. Store delar av området er brattare enn 1:3		Blir ivareteke som følge av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B	C/B	Omfang og konsekvens er avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering innafor området, men grensar til eit sefrak-registrert bygg på oppsida og eit meldepliktig sefrak-registrert bygg på nedsida av området.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdier i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdier og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak skog med særskilt høg bonitet. Eit mindre område nordvest som er fulldyrka mark.		I liten konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Innspelet ligg i 100m-beltet, men ovanfor veg.		Ingen konflikt	0


Samla vurdering

Tiltaket ligg i bratt terreng, i hovudsak brattare enn 1:3. I liten konflikt med jordvernet. Ein kan få bygd ut delar av området om ein får rassikra området.

Fagleg konklusjon: Området er lite egna som utbyggingsområde, men kan tillatast om det er mangel på andre tilsvarande utbyggingsområde i nærleiken.

Styringsgruppa sin konklusjon: Berre ein liten del av området i nordvest vert teke med som LNF spreidd, sjå kap. 3.1.9. Resten av innspelet vert avvist.

3.1.9 Kvammen (fleire eigedomar – styremøte 7.10.2013)



Storleik: 64 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF spreidd bustad

Omtale av område: Kulturlandskap med landbruk og nokre bustadar.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Området ligg ca. 800m frå Høgda.			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Går kommunal veg gjennom området.			0
5. Samfunns-tryggleik			Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak	

			skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje krav om universell utforming			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B	C/B	Omfang og konsekvens er avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	2 sefrak-registrert bygg, eit meldepliktig.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak fulldyrka jord. Elles bygd areal, noko innmarksbeite og skog (AR5)		I konflikt med jordvernet	- -
12. Strandsone	Ligg utanfor 100m-beltet		Ingen konflikt	0

Samla vurdering

Tiltaket er i konflikt med jordvernet, og området er i hovudsak fulldyrka jord.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje teke inn i planen.


Oransje farge viser fulldyrka, gul viser innmarksbeite og grøn skog:



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 1 bustad. Området vert utvida med ein liten del i søraust, jfr. kap. 3.1.8.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Det vert opna for 1 bygning til reiseliv i tillegg.

3.1.10 Leknes (fleire eigedomar – styremøte 7.10.2013)



Storleik: 213 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF bustad

Omtale av område: Jordbruksområde i nordenden av kommunal veg frå Høgda og forbi Kvammen. Noko spreidd utbygging i området. Skrent ned mot sjøen heilt ytterst.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Området ligg ca. 1 km frå Høgda.		Ingen konsekvens	0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Kommunal veg går inn i området			
5. Samfunns-			Moderat risiko knytt til kvikkleire. Ved	

tryggleik			reguleringsplan/ tiltak skal det faren vurderast. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje krav om UU			0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Heilskapleg kulturlandskap	C/B	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak, men nedbygging av kulturlandskapet vil ha negativ konsekvens	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Mange sefrak-registrerte bygg, fleire av dei er meldepliktige. Heilskapleg kulturmiljø på Leknes		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak fulldyrka jord. Noko bygd areal, innmarksbeite, skog med høg bonitet og skog med særskild høg bonitet (AR5)		Konflikt med jordvernet	- -
12. Strandsone	Ein god del av tiltaket ligg innanfor 100m-beltet. Strandsone er lite tilgjengeleg grunna brattleik. Ein kan kome seg ned til sjøen på privat veg i nord.		Konflikt med strandsonevernet	-/- -

Samla vurdering

Tiltaket er i konflikt med jordvernet, og området er i hovudsak fulldyrka jord. Tiltaket er vidare i konflikt med kulturlandskapet og ein god del av tiltaket i 100- meters belte.


Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje teke inn i planen.

Oransje farge viser fulldyrka, gul viser innmarksbeite og grøn skog:



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 1 bustad, 1 fritidshus og 1 næringsbygg. Planføresegner avgrensar utbygging iht. dyrka mark og strandsone.

3.1.11 Høgda vest (eigedom 86/1 og 2 – oppstarta reg.plan)




Storleik: 43 daa

Omtale av område: I hovudsak skrin skog i hellande terreng. Ovanfor eksisterande felt på Høgda.

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad. Reguleringsplanarbeid er starta i området. Førebels skisse visast nedanfor. Ettersom det ikkje er gjort vedtak i plansaka og det ikkje er KU-utgreidd vert det teke med som delområde her.



Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Området ligg tett på eksisterande busetnad på Høgda.		Området på Høgda er det næraste ein kjem eit senter i krinsen. Lokalisering som minimere transportbehov. Positiv konsekvens	+
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Tursti opp til Storehaugen ligg på nordsida av dagens bustadfelt.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til eksisterande friluftslivverdiar	0/-
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Samleveg til Høgda frå fylkesvegen. Skulebuss.			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare	-

			sannsyn for ulike rastyper. Kan vere noko vindutsett. Tilkømtstveg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: Delt mellom LO Førdefjorden – verdi B og LO Kvamme – verdi C Bratt skrentar sør i området.	C/B	Omfang og konsekvens er avhengig av utforming av plan og tiltak.	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ikkje jordbruksland		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ikkje relevant			0


Samla vurdering

Tiltaket kan styrke staden som senter i krinsen og skape auka drivkraft for vidare utbygging av felles uteområde og aktivitetstilbod. Det er viktig å ta vare på stiar i området.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i plan.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggeområde bustad.

3.1.12 Høgda aust (eigedom 85/2 og 86/1 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 90 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Omtale av område: I hovudsak beitemark og skog. Eit bustadhus ligg sentralt i området. Ligg på austsida av Høgda med idrettsbana og samfunnshuset rett i nærleiken. Det går tursti/ traktorveg gjennom området opp til Liane.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:


KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Området ligg tett på eksisterande busetnad på Høgda.		Området på Høgda er det næraste ein kjem eit senter i krinsen. Lokalisering som minimere transportbehov. Positiv konsekvens	+
2. Barn og unge	Akebakke på jordet om vinteren		Konflikt med kjent leikeområde	-
3. Friluftsliv og	Stiar/ traktorbilveg		Ingen konflikt dersom	0/-

rekreasjon	opp til Liane		nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til eksisterande friluftslivverdiar	
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Samleveg til Høgda frå fylkesvegen. Skulebuss.			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Kan vere noko vindutsett. Tilkomstveg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: Delt mellom LO Førdefjorden – verdi B og LO Kvamme – verdi C Bratt skrentar sør i området.	C/B	Omfang og konsekvens er avhengig av utforming av plan og tiltak. Området ligg høgt og vil bli eksponert	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak innmarksbeite og skog.		En del av området er i konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Ikkje relevant			0

Samla vurdering


Tiltaket kan styrke staden som senter i krinsen og skape auka drivkraft for vidare utbygging av felles uteområde og aktivitetstilbod. Området ligg høgt og vil bli eksponert. Sørleg del av tiltaket er i konflikt med jordvernet. Det er viktig å ta vare på stiar/ traktorbilveggar i området.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet vert teke inn i planen, men avgrensast slik at ein ikkje byggjar på dei bratte og høgtliggande områda. Reguleringsplan skal stille krav om tilpassing av bustadane i terrenget slik at dei ikkje skapar silhuettverknad frå sjøen. I reguleringsplanarbeidet må ein også sikre turvegtrasear om desse leggst om.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad. Den sørlege, høgstliggjande delen vert ikkje teke med.

3.1.13 Gjelsvik /Løkemyra (eigedom 85/2 og 86/1 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 81 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Planlagt ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Omtale av område: Området er i dag skog og beitemark. Omkring ligg spreidd utbygging. Det går tursti/ traktorveg opp til Storehaugen.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Området ligg ca. midt mellom Høgda og Gjelsvik skule		Tett utbygging her vil kunne føre til spreing av bygda.	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Turstiar opp til Storehaugen		Konflikt med eksisterande turstiar	-
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg langs kommunal veg		Ingen konflikt	0


5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko knytt til fare skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B	C/B	Omfang og konsekvens er avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
9. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak myr og skog med særskilt høg bonitet. Ein mindre del er innmarksbeite		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Utanfor 100- meters belte.		Ingen konflikt	0

Samla konsekvens

Tilgrensande område er kulturlandskap: jordbruk med spreidd busetnad. Eit bustadområde her vil bli ein satellitt mellom Høgda og Gjelsvik.


Fagleg konklusjon:

Vi tilrår at området ikkje leggst ut til byggjeområde bustad, men til Inf- spreidd busetnad. Området bør også reduserast så det er betre tilpassa terrengformasjonane. Utbygging bør skje i nærleiken av eksisterande busetnad, og ta omsyn til eksisterande turstiar og turområde. Tal på nye bustader i planperioden = 2.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 2 bustader. Den delen av området som ligg nord for kraftlina vert ikkje teke med.

3.1.14 Gjelsvik (eigedom 91/9 – styringsgruppa 7.10.2013)



Storleik: 2,8 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Planlagt ny arealbruk: Byggjeområde naust

Omtale av område: Området ligg inst i Gjelsvika og har 5 naust på tomta i dag.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg langs kommunal samleveg ut mot Hegreneset.		Ingen konflikt	0
5. Samfunns-			Liten risiko knytt til skredfare. Ved	

tryggleik			reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Tiltak mot stormflod bør vurderast. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B	C/B	Omfang og konsekvens er avhengig av utforming av plan og tiltak. Området ligg høgt og vil bli eksponert	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Fleire sefrak-registrerte bygg, i hovudsak meldepliktige.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdier i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdier og biologisk mangfald	Heile tiltaket ligg i område registrert som slåttemark (Gjelsvik) Verdi: Viktig (B)	B	Konflikt med utvalt naturtype med særskilt vern etter naturmangfaldslova.	- - -
11. Primærnæring	Delar av området er overflatedyrka.		I liten konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Sjørelatert arealbruk.		Ingen konsekvens	0

Samla vurdering


Tiltaket er i konflikt med område registrert som slåttemark som har særskilt vern etter naturmangfaldslova. Ytterlegare utbygging bør ikkje tillatast i omsynssona. Tiltaket er vidare i liten konflikt med jordvernet.

Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet ikkje vert teke til følgje.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde naust. Der det er aktuelt å oppføre naust, er det i hovudsak steingrunn, truleg delvis restar etter tidlegare naust. Nye naust vil ikkje ligge på slåttemark.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området pga. konflikt med prioritert naturtypelokalitet (slåttemark). Grunneigar opplyser at det ikkje er aktuelt å føre opp fleire naust. Området vert teke ut av planen.

3.1.15 Holmesundet /Storevika, Gjelsvik (eigedom 90/1 og 3 – folkemøteinnspeil og styringsgruppemøte 7.10.2013)



Storleik: 39 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Planlagt ny arealbruk: Byggjeområde næring

Omtale av område: Ligg sørvestvendt mot Gjelsvika med skog og fulldyrka mark på aktuell tomt. I aust er området avgrensa mot eit eksisterande naustområde.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg mellom Hegreneset og Gjelsvika		Ingen konflikt	0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og	Ligg langs kommunal		Ingen konflikt	

offentlege tenester	samleveg			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Moderat risiko knytt til fare skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ev. bygg bør leggest min 3moh over normalvasstand. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Mangel på næringsareal og sysselsetting i kommunen		Positiv konsekvens	+ +
7. Universell utforming	Næringsbygg har krav om universelt utforma tilkomst. Området er bratt		Blir ivareteke som følge av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Vestelge delar av området har kulturlandskap heilt ned til sjø	C/B	Negativ konsekvens for kulturlandskapet vest i området.	- -
9. Kulturminne og kulturmiljø	Automatisk freda kulturminne (Gravminne) på ein del av området.		Delar av tiltaket er i konflikt med automatisk freda kulturminne	- -
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Fulldyrka og overflatedyrka jord på delar av området. Elles skog med særskilt høg bonitet (AR5)		I konflikt med jordvernet.	-/- -
12. Strandsone	Omtrent heile tiltaket		Konflikt mot	- -


	ligg i 100- meters belte. Nokon bratte skrentar langsmed veg og sjø. Ikkje bygd.		strandsonevernet	
--	--	--	------------------	--

Samla konsekvens

Tiltaket vil legge til rette for meir næringsareal i kommunen. Tiltaket vil utløyse behov for ny avkjørsle mot fylkesveg. Tiltaket er i konflikt med jordvernet og strandsonevernet. Vidare vil tiltaket gje negative konsekvensar for kulturlandskap og tilgang til sjøareal.

Fagleg konklusjon:


Vi tilrår at innspelet vert teke inn i planen, men avgrensast slik at det ikkje kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne eller jordvernet.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggeområde næring. Området i sjø utanfor vert teke med for å gje høve til eventuell utbygging av molo/hamneanlegg. Området vest for vestre neset på holmen vert ikkje teke med.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området pga. strandsonevern og gruntområde. Næringsområde på land og hamneområde i sjø vert teke ut av planen.

3.1.16 Hegrenes (eigedom 90/1 og 3 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 59 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Planlagt ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Omtale av område: Ligg ned mot sjøen på Hegreneset og er sørvestvendt. Området er nytta til jordbruk i nord medan arealet mot sjø er skogkledt.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Området ligg ca. 4km frå Gjelsvik skule og Høgda. Ingen busslinjer.		Utbygging av bustadfelt utan buss og tilknytning til andre målpunkt vil gje stort behov for bruk av bil og noko i konflikt med målsettingane i RPR-SAT.	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0

3. Friluftsliv og rekreasjon	Heile området ligg i lokalt viktig friluftsområde (FRIDA)	C	Konflikt med friluftsverdiar. Negativ konsekvens for opplevingskvalitetane for friluftsliv og rekreasjon.	-
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg for enden av kommunal veg.		Dårlig kapasitet på eksisterande veg	-
5. Samfunns-tryggleik			Moderat risiko knytt til fare skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ev. bygg bør leggst min 3moh over normalvasstand. Kan vere noko vindutsett. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU følgjer av TEK10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Kulturlandskap	C/B	Negativ konsekvens for kulturlandskapet	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	3 meldepliktige sefrak- registrerte bygg		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdiar i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Nordlig del av området ligg i	A	Konflikt med jordvernet	- -

	kjerneområde landbruk			
12. Strandsone	Store delar av tiltaket ligg i 100m-beltet. Dels bratt og skogkledt strandsone		Konflikt med strandsonevernet	-


Samla vurdering

Tiltaket er i konflikt med jordvernet i nord og strandsonevernet i sør. Vidare ligg tiltaket langt frå skule og andre senterfunksjonar.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad, men vert avgrensa til eit smalt belte aust-vest frå kommunal veg til litt forbi eksisterande busetnad.

3.1.17 Hegrenes nord (eigedom 90/1 og 5 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 76 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Planlagt ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Omtale av område: I hovudsak skog og myr i dag.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg om lag 4 km frå Gjelsvik skule og Høgda. Ingen busstransport		Å tilrettelegge for høg utbygging vil vere i konflikt med RPR-SAT	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt.	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Omtrent heile området ligg i lokalt viktig friluftsområde (FRIDA)	C	Konflikt med friluftsverdiar. Negativ konsekvens for opplevingskvalitetane for friluftsliv og rekreasjon.	-
4. Infrastruktur	Kommunal veg inntil			0

og offentlege tenester	området.			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko knytt til fare skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Kan vere noko vindutsett. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU i TEK 10		Blir ivareteke som følge av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Området er ein del av kulturlandskap	C/B	Negativ konsekvens for kulturlandskapet	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Eit sefrak-registrert bygg innafor området. Grensar til fleire sefrak- registrerte bygg, gravfelt og gravminne vest for området. Området er del av eit heilskapleg kulturlandskap		Ingen direkte konflikt, men tiltaket vil påverke Varden, Liset og Hegreneset som heilskapleg kulturlandskap	- / - -
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak open skrin fastmark, myr og skog med særskilt høg bonitet. Tiltaket går litt inn på kjerneområde landbruk og fulldyrka jord.		I konflikt med jordvernet.	- -

12. Strandsone	Nordlig del av området ligg i 100m-beltet. Bratt og lite tilgjengeleg strandsone		Ingen konflikt	0
----------------	--	--	----------------	---

Samla vurdering


Tiltaket er i konflikt med jordvernet og med Varden, Liset og Hegreneset som heilskapleg kulturlandskap. Områdets lokalisering i høve til eksisterande tenestetilbod og infrastruktur tilseier at det ikkje bør tilretteleggast for utstrakt utbygging i dette området.

Fagleg konklusjon:

Vi tilrår at området ikkje leggast ut til byggjeområde bustad, men til Inf- spreidd busetnad. Området bør også reduserast slik at en unngår konflikt med kjerneområde landbruk og fulldyrka jord.


Tal på nye bustader i planperioden = 3

Kartet under syner konflikt med kjerneområde landbruk (svart skravur) og fulldyrka jord (oransje felt)



Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist. Ein ønskjer heller å opne for utbygging vestafor, jfr. kap. 3.1.18.

3.1.18 Liset, Hegrenes (eigedom 89/1, 2 og 3 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 97 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad.

Omtale av området: Kuppert jordbruk- og skogsområde.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt.	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Kommunal veg går inntil området.			0
5. Samfunns-	Sjå ros-analyse		Liten til moderat risiko knytt til fare skredfare.	-


tryggleik			Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Kan vere noko vindutsett. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Området er ein del av kulturlandskap på	C/B	Negativ konsekvens for kulturlandskapet	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Fleire meldepliktige sefrak-registrerte bygg innafor området. Grensar til eit par sefrak- registrerte bygg. Området er del av eit heilskapleg kulturlandskap		Ingen direkte konflikt, men tiltaket vil påverke Liset som heilskapleg kulturlandskap	-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Vestleg del av tiltaket går innpå kjerneområde landbruk. Sørleg del av tiltaket er del av innmarksbeite og noko fulldyrka og overflatedyrka jord,		Konflikt med jordvernet	- -
12. Strandsone	Nordlig del av området ligg i 100m-beltet. Bratt terreng ned mot sjø Lite tilgjengeleg strandsone		Ingen konflikt	0

Samla konsekvens

Tiltaket er i konflikt med jordvern og kulturlandskapet på Liset.

Fagleg konklusjon:


Vi tilrår at innspelet vert teke inn i planen, men avgrensast slik at en unngår konflikt med jordvernet og at ein ikkje tek med det bratte terrenget ned mot sjø.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggeområde bustad, men vert avgrensa slik at kjerneområde landbruk vert liggande utanfor.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Grunneigar ønskjer ikkje området. Området vert teke ut av planen.

3.1.19 Gjelsvik (folkemøteinnspeil)



Lengd: 900m

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Gang- og sykkelveg.

Omtale av område: Fylkesvegen er om lag 5m brei langs det aktuelle strekket, og har til dels bratt og skrånande terreng på sidene. I vestre del grenser vegen mot jordbruk.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ei utbygging av gs-veg her vil vere eit viktig steg for å gjere det mogleg med alternativ transport mellom skulen og bustadfelta i Gjelsvik og på Høgda.		Positiv konsekvens	+ +
2. Barn og unge	Avstanden er for lang for små barn å gå og sykle mellom skulen			

	og bustadfelt, men unge vil kunne sykle til og frå skulen og aktivitetstilboda der.			
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester				
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Liten til moderat risiko knytt til fare skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Tiltaket fører til trafikktrygging av farlig skuleveg.	+
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Vegen har liten grad av helling langs dette strekket		Viktig å tilstrebe UU.	
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Området er ein del av kulturlandskap på	C/B	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Vestleg del av tiltaket ligg i kjerneområde		Delar av tiltaket er i konflikt med jordvernet	- -
12. Strandsone	Austleg del av tiltaket ligg i 100m-beltet		Delar av tiltaket er i konflikt med strandsonevern. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-


Samla konsekvens

Tiltaket gjer det mogleg å gå /sykle til og frå skulen og bustadområda i Gjelsvika. Delar av tiltaket er i konflikt med jordvernet.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert teke med og forlenga vestover til eksisterande busetnad. Det kan vere aktuelt å vurdere trasé som ligg lengre vekk frå fylkesvegen i framtidig reguleringsplanarbeid.

3.1.20 Gjelsvika (eigedom 93/2 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 10,6 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde tenesteyting. Ønskjer å byggje idrettshall i tilknytning til skulen.

Omtale av område: Jordbruksland som ligg på ytterkanten av eit platå med jordbruk.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Lokalisering ved eksisterande skule.		Lokaliseringa er gunstig for skuleverksemda, men på kveldstid inneber lokaliseringa ekstra transport.	+
2. Barn og unge			Vil utvide tilbodet til barn og unge.	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og				

offentlege tenester				
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Liten til moderat risiko knytt til fare skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Kan vere noko vindutsett. Fv og lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om universelt utforma tilkomst til skular.		Blir ivareteke som følge av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Førdefjorden – verdi B Området er ein del av kulturlandskap på	C/B	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Kjerneområde landbruk		Konflikt med jordvernet	- - -
12. Strandsone	Ca. halvparten av tiltaket ligg i 100m-beltet. Bratt ned mot sjø.			


Samla konsekvens

Tiltaket er i konflikt med jordvernet, men vil utvide tilbudet til barn og unge og auke kvalitetane ved skulen.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert lagt inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde tenesteyting, men vert sterkt avgrensa. Ser det som mest aktuelt med utviding av/ny gymsal.

3.1.21 Skorven (eigedom 94/1 – innspel dok 51)



Storleik: 3,0 eller 2,1 daa (to alternative lokaliseringar)

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde næring. Intensjonen er å bygge eit næringsbygg og etablere arbeidsplassar i kommunen.

Omtale av område: Det ligg føre 2 alternativ for lokalisering. Alternativet på sørsida av fylkesvegen (A) er skogkledt areal med ein privat avkjørsel over området. Alternativet på nordsida (B) er dels overflatedyrka mark og ligg langs ein kommunal veg.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ingen busetnad i nærleiken		Vil vere behov for bilbaserte arbeidsreiser	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege	Begge alternativa kan nytte eksisterande		Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette	0 /-

tenester	avkjørsle.		strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan Byggegrensa på 15m vil avgrense søndre alternativ litt.	
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten risiko knytt til fare skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	-
6. Næring og sysselsetting	Mangel på næringsareal og sysselsetting i kommunen		Positiv konsekvens	+ +
7. Universell utforming	Næringsbygg har krav om universelt utforma tilkomst.		Blir ivareteke som følgje av TEK 10.	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: Nordre alternativ ligg i LO Førdefjorden verdi: B, søndre ligg i LO Holtane – verdi: C	C/B	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Overflatedyrka mark i alternativ B	0 / C-verdi	Nordre alternativ inneber nedbygging av noko overflatedyrka mark	0 /-
12. Strandsone	Ikkje relevant			

Samla konsekvens


Det er generelt ønskeleg å leggje til rette for nye arbeidsplassar i kommunen. Dei føreslåtte alternativa har begge nokså liten konfliktgrad, men det nordlegaste ligg i konflikt med

overflatedyrka jord. Det sørlege alternativet ligg tett på fylkesvegen, men det er nok areal til at behovet kan tilfredsstillast utanfor byggegrensen frå fylkesveg.

Fagleg konklusjon: Det sørlegaste alternativet vert lagt inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Det nordlegaste området vert teke med som byggjeområde næring. Det sørlege området har litt redusert sikt i avkøyrsla.

3.1.22 Skorvemarka (eigedom 94/2 – pågåande reguleringsplan)



Storleik: 73 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde idrettsplass – tenkt bruk leirduebane. Reguleringsplan er under utarbeiding.

Omtale av område: Myr og skogkledt areal utanfor busetnad. Hellande, nordvendt terreng. Dels i bruk til leirdueskyting allereie i dag.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Regionalt viktig friluftsområde		Kan gje noko støy inn i friluftsområdet.	0/-
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved fylkesveg.			0

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Fylkesveg ikkje utforma i tråd med normalane. Liten til moderat trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. UU	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Holtane – verdi: C	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	For det meste skog eller myr og open skrin fastmark (AR5)		Ingen kjent konflikt	0
12. Strandsone	Ligg utanfor 100-meters belte		Ingen konflikt	0

Samla konsekvens


Tiltaket kan gje noko støy inn i friluftsområde, men legg til rette for idrettsplass - leirduebane.

Fagleg konklusjon: Området vert teken inn i plan.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde idrettsanlegg.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Reguleringsplan for leirduebana er vedteken, og vert innarbeidd i plankartet.

3.1.23 Skjerlid, Markavatnet (eigedom 96/1 – innspel dok 98)



Storleik: 69,5 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad. Ønskjer hytteområde på eiga eigedom for sal eller utleige.

Omtale av område: Arealet ligg i ei sørvendt skråning, noko innmarksbeite.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ligg innafor regionalt friluftsområde for høgfjella.	B	Mogleg konflikt med regionale friluftsverdiar. Kan ha negativ konsekvens for opplevingskvalitetane	0/-


			for friluftsliv og rekreasjon.	
4. Infrastruktur og offentlige tenester	Privat veg			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærare sannsyn for ulike rastypar. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Førdefjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Markavatnet – verdi C	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Innmarksbeite på delar av området.		Delar av området er i konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Utanfor 100- meters belte		Ingen konsekvens	0

Samla konsekvens

Tiltaket har negativ konsekvens med nedbygging av innmarksbeite.


Fagleg konklusjon: Vi tilrår at innspelet vert teke inn i planen. Nærare avgrensing gjerast i reguleringsplan.

Gul farge viser innmarksbeite.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidsbustad.

3.1.24 Flokeneset (Folkemøteinnspeil)



Storleik: 354 daa

Status i gjeldande plan: Område er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF spreidd bustad Opning for bygging av einskilte bustadar.

Omtale av område: Området er varierende kulturlandskap dels med skog, innmarksbeite og noko fulldyrka jord.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Området ligg 6km frå Gjelsvik skule			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Nordlige delar av området ligg i lokalt viktig friluftsområde (FRIDA) med regional verdi med svært høg prioritet	Regional verdi	Delar av tiltaket er i konflikt med lokalt viktig friluftsområde med regional verdi	-

4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved fylkesveg.		Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan	
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Kan vere noko vindutsett. Bygg bør leggjast min 3 moh over normalvasstand. Fv. og lokale vegar ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C Kulturlandskap	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak. Bygging av bustadar kan vere naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet.	0
8. Kulturminne og kulturmiljø	Fleire sefrak-registrerte bygg innafor området.		Ingen konflikt dersom nye tiltak vert lokalisert og utforma med omsyn til verdier i eksisterande bygningsmiljø.	0/-
9. Naturverdier og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ein del fulldyrka mark, noko innmarksbeite og mykje skog (AR5)		Delar av tiltaket er i konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Delar av tiltaket ligg i 100m-beltet. Delvis bygd.		Konflikt med strandsonevernet. Ytterlegare utbygging kan føre til meir privatisering og hindre tilgang til sjø.	- /- -

Samla konsekvens

Delar av tiltaket er i konflikt med friluftsjnteresser og deler av tiltaket er i konflikt med jordvernet. Ytterlegare utbygging kan føre til meir privatiserande og hindre tilgang til sjø


Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen. Utbygging bør skje i nærleiken av eksisterande busetnad og slik at ein ikkje byggjer ned jordbruksareal eller privatiserer i strandsona. Nye tiltak bør ikkje hindre allmenta sin tilgang til sjø.

Tal på nye bustader i planperioden = 3.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 4 bustader og 1 næringsbygg.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Innspel dok. 255, gbnr. 98/10, om bustadfelt og ombygging av driftsbygning vert teke delvis til følge, slik at tillatt tal bygningar vert auka til 6 bustader og 1 fritidshus i LNF-spreidd-området.

3.1.25 Solheim, Flokenes (eigedom 98/7 – muntleg innspel)



Storleik: 149 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad. Ønskjer bustadområde på eiga eigedom .

Omtale av område: Vestvendt, skogkledt flate/skråning på oppsida av fylkesveg.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Området ligg 6km frå Gjelsvik skule. Langs fylkesveg med buss.		Noko i konflikt med målsettingane i RPR-SATP.	- -
2. Barn og unge			Ingen kjent konflikt	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Sti gjennom området.		Ingen konflikt.	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved fylkesveg.		Vil innebære behov for ny avkjørsle. Dyrt for det offentlege å tilby tenester til perifere	- -

			bustadområde. Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan	
5. Samfunns-tryggleik			Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU i TEK 10		Blir ivareteke som følge av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ei lita del vest i området er fulldyrka jord, elles skog (AR5)		Mindre del av tiltaket er i konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Innspelet ligg utanfor 100m-beltet.			0


Samla konsekvens

Tiltaket ligg lang unna eksisterande bygdesentra og ulike offentlege tenestetilbod og er i noe konflikt med areal- og transportbehov. Vidare er ein mindre del av tiltaket i konflikt med jordvernet

Fagleg konklusjon: På grunn av lokaliseringa vert innspelet ikkje teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad, men vert avgrensa til om lag halvparten av området, nærast fylkesveg.

3.1.26 Vikane, Flokenes (eigedom 98/8 – innspel dok 47)



Storleik: 139 daa luf spreidd + 10 daa småbåthamn

Status i gjeldande plan: Område er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF og generelt sjøareal.

Framlegg til ny arealbruk: Intensjonen i området er betre sikring av eksisterande rorbuer med båthamn og brygger mot vær og vind for å unngå skade. Tilrettelegging for turisme.

Omtale av området: 4 utleigeeiningar på totalt 28 sengeplassar. Rorbu, noko fulldyrka mark og skog på eigedomen.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester				

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-anayse		Liten risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand. Kan vere noko vindutsett. Fv. og lokale vegar ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	-
6. Næring og sysselsetting	Mangel på næringsareal og sysselsetting i kommunen		Positiv konsekvens	+ +
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C Kulturlandskap	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak. Bygging av bustadar kan vere naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet.	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
12. Strandsone	Delar av tiltaket ligg i 100m-beltet			0

Samla konsekvens


Det er generelt ønskeleg å leggje til rette for nye arbeidsplassar i kommunen. Tiltaket vil ha positiv konsekvens for sysselsetting i kommunen. Tiltaket gir ingen vesentlege negative konsekvensar.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i plan.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 1 bustad og 4 næringsbygg (reiseliv). Delar av området nær sjøen vert teke ut, slik at nye bygg vert lagt bakom eksisterande busetnad i høve til sjøen. Innspelet om småbåthamn vert avvist pga. for stor konflikt med landskapet.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Det vert opna for 1 fritidshus, samstundes vert tillatt tal bygningar til reiseliv redusert til 3.


3.1.27 Merkesvik nord, Flokenes (eigedom 107/1 – folkemøteinnspeil)



Storleik: 156 dekar

Status i gjeldande plan: Området er regulert til friluftsområde i plan 1988001.

Reguleringsplanen set eit skile mellom eit hyttefelt i god avstand frå strandlina, og friområde i strandsona. Hyttefeltet i planen er på 25 daa.




Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritidsbustad. Ønskjer fritidsbustad.

Omtale av område: Den gjeldande planen frå 1998 er det berre fire hytter som er bygd ut. Det er fortsatt kapasitet til meir enn dobling av talet hyttar innanfor gjeldande plan.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert avvist.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist.

3.1.28 Merkesvik sør, Flokenes (eigedom 107/1 – folkemøteinnspel)



Storleik: 318 dekar

Status i gjeldande plan: Nordre del er regulert i plan 1988001. Heile området er vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad.

Omtale av område: Prega av bare knausar og noko lav vegetasjon

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Området ligg 7km frå Gjelsvik skule. Langs fylkesveg med buss.		I konflikt med målsettingane i RPR-SATP.	- -
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Vestlege delar av tiltaket ligg i lokalt viktig friluftsområde (FRIDA) med regional verdi med høg prioritet. Sti gjennom området	Regional verdi	Delar av tiltaket er i konflikt med lokalt viktig friluftsområde med regional verdi	-


4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved fylkesveg.		Vil innebære behov for ny avkjørsle. Dyrt for det offentlege å tilby tenester til perifere bustadområde. Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan	- -
5. Samfunns-tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU i TEK 10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C Ubygd landskap	C	Konflikt med ubygd landskap. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak open skrin fastmark. Ei liten del vest i området er overflatedyrka jord, noko skog i nord og i vest elles (AR5).		Ein liten del av tiltaket er i konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Delar av tiltaket ligg i 100- meters belte. Bratt terreng ned mot sjø i nordvest. Lite tilgjengeleg		Noe konflikt med strandsonevernet. Ytterlegare utbygging kan føre til meir privatisering og hindre tilgang til sjø.	-

Samla konsekvens

Tiltaket ligg lang unna eksisterande bygdesentra og ulike offentlege tenestetilbod og er i noe konflikt med areal- og transportbehov. Vidare er ein mindre del av tiltaket i konflikt med jordvernet og strandsonevernet.

Fagleg konklusjon: På grunn av lokaliseringa vert innspelet ikkje teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist. Ein ønskjer heller å legge ut andre areal, jfr. kap. 3.1.24, 3.1.25 og 3.1.29.

3.1.29 Nervik (eigedom 107/1 – folkemøteinnspeil)

Storleik: 52 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert, men vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde bustad.

Omtale av område: Skogkledd terreng

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Området ligg 7km frå Gjelsvik skule. Langs fylkesveg med buss.		I konflikt med målsettingane i RPR-SATP.	- -
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Sti gjennom området.		Ingen kjent konflikt.	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved fylkesveg.		Vil innebære behov for ny avkjørsle. Dyrt for det offentlege å tilby tenester til perifere	- -

			bustadområde. Byggegrense frå fylkesveg 609 på dette strekket er i utgangspunktet 15m frå senterline. Vurderast i reg.plan	
5. Samfunns-tryggleik			Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. og lokale vegar ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU i TEK 10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C Ubygd landskap	C	Konflikt med ubygd landskap. Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	I Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak open skrin fastmark med trevegetasjon. Ei liten del aust i området er fulldyrka jord (AR5)		Ein liten del av tiltaket er i konflikt med jordvernet	-
12. Strandsone	Ligg utanfor 100m-beltet.			0


Samla konsekvens

Tiltaket ligg lang unna eksisterande bygdesentra og ulike offentlege tenestetilbod og er i noe konflikt med areal- og transportbehov. Vidare er ein mindre del av tiltaket i konflikt med jordvernet og strandsonevernet.

Fagleg konklusjon: På grunn av lokaliseringa vert innspelet ikkje teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad. Delar av området er eksisterande bustadfelt. Området vert avgrensa slik at det vert liggande utanfor dyrka mark og aktsemdområde for ras.

3.1.30 Buneset (eigedom 109/1 – dok.nr 143)



Storleik: 7,6 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert, men vist som LNF i overordna plan. Ved sida av innspelet ligg plan 2005003 (Kobbeneset) som er ein plan for hyttebygging.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad. Utviding av eksisterande hyttefelt.

Omtale av område: Ligg i utkanten av eksisterande hyttefelt. Skrånande terreng ned mot sjø.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Heile tiltaket ligg i lokalt viktig friluftsområde (FRIDA) med regional verdi med høg prioritet.	Regional verdi	Konflikt med friluftsområde med regional verdi	- -

4. Infrastruktur og offentlige tjenester	Ligg nær fylkesveg og eksisterande hyttefelt		Truleg avhengig av å nytte eksisterande avkjørsle	
5. Samfunns-tryggleik			Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. og lokale vegar ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C Market og eksponert landskapsform. Ubygd	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Skog (AR5)		Ingen kjent konflikt	0
12. Strandsone	Heile innspelet ligg i 100m-beltet. Skrånande terreng		Konflikt med strandsonevernet. Utbygging kan føre til privatisering	-

Samla konsekvens


Tiltaket er i konflikt med friluftsområde med regional verdi, eksponert landskapsform strandsonevern. Det er etterspurnad etter hyttetomter i området og feltet ved sida av er ferdig utbygt.

Fagleg konklusjon: Ein må gjere nærare undersøkingar og avgrensingar i området før ein kan tillate utviding av eksisterande hyttefelt. Området vert føreslege teke ut av plan til moglegheitsstudie /meir detaljert kartlegging av interessene i området føreligg.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidshus. Tilkomstveg er ei utfordring, og bør truleg løysast i samarbeid med nabohyttefeltet.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen opprettheld retten til motsegn på reguleringsplannivå, ut frå at det ikkje er konsekvensutgreidd andre tiltak enn fritidshus, og ikkje sett konkret byggjegrænse langs sjø (generell 100m gjeld). Byggjegrænse vert sett til 30m, tilsvarande som i nabohyttefeltet (reguleringsplan for Kobbeneset).

3.1.31 Buneset (eigedom 109/1 – dok.nr 143)



Storleik: 3,4 dekar småbåthamn + 45 dekar fritids-/turistføremål

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert, men vist som LNF i overordna plan.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritid-/turistføremål med vegtilkomst. Hensikta er å leggje til rette for campingplass og båthamn.

Omtale av område: Skogkledt nes i sjø.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Heile tiltaket ligg i lokalt viktig friluftsområde (FRIDA) med regional verdi med høg prioritet.	Regional verdi	Konflikt med friluftsområde med regional verdi	- -
4. Infrastruktur	Ligg 150 meter nord			

og offentlege tenester	frå fylkesveg 609			
5. Samfunns-tryggleik			FT: Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggest min 3 moh over normalvasstand. Kan vere noko vindutsett. Fv. og lokale vegar ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. SBH: Området er noko utsett for vind. Lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Turistnæring		Svak positiv konsekvens	+
7. Universell utforming	Krav om UU i TEK 10		Blir ivareteke som følgje av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C Market og eksponert landskapsform. Ubygd	C	Konflikt med eksponert landskapsform. Omfang avhengig av utforming av plan og tiltak.	-/ - -
9. Kulturminne og kulturmiljø	Grensar til automatisk freda kulturminne: gravminne (Børneset)		Kan komme i konflikt med automatisk freda kulturminne	0/-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11.	Skog (AR5)		Ingen kjent konflikt	0


Primærnæring				
12. Strandsone	Heile innspelet ligg i 100m-beltet. Skrånande terreng		Konflikt med strandsonevernet. Utbygging kan føre til meir privatisering og hindre allmenn tilgang til sjø.	- -

Samla konsekvens

Tiltaket er i konflikt med friluftsområde med regional verdi, eksponert landskapsform strandsonevern.


Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje teke inn i planen .

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggeområde fritid/turistføremål, men vert sterkt avgrensa, slik at heile neset vert teke ut. Området i sjø vert teke med som småbåthamn.



Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentlig ettersyn: Fylkesmannen krev at området i sjø vert redusert og at areal i sjø og tilkomstveg vert konsekvensutgreidd, før dei tek stilling til arealbruken. Småbåthamna vert avgrensa til dei djupaste områda ved berget i aust. Vegtilkomst langs eksisterande traktorveg vert teke inn i plankartet.

3.1.32 Nesskog (eigedom 84/1)



Storleik: 20,3 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad med tilkomstveg.

Omtale av område: Skogsområde

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Manglar vegtilknytning, 300 m til privat veg og 700 m til næraste kommunale samleveg.			-/ - -
5. Samfunns-tryggleik	Noko bratt terreng. Moderat skredfare.		Bør gjerast skredfarevurdering i	-

			samband med regplan.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			0
7. Universell utforming	Ikkje krav om universell utforming			0
8. Landskap og estetikk	Ingen registrering. Skog/ Jordbrukslandskap		Ingen kjent konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	To sefrak- registrerte bygg sørvest for område. Området grensar til eit heilskapleg kulturlandskap.		Ingen direkte konflikt, men tiltaket vil påverke Nesskog som heilskapleg kulturlandskap.	-
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	I hovudsak skog med høg bonitet.		Ukjent bruksinteresse	0/ -
12. Strandsone	Austlege delar ligg innafor 100- meters belte. Område er ikkje utbygd i dag.		Konflikt med strandsonevernet.	- -


Samla konsekvens

Tiltaket er i konflikt med kulturlandskap og strandsonevernet. Vidare manglar området vegtilknytning, og det er bratt.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Innspelet vert teke inn i planen. Vegtilkomsten er lang, men ein stor del er samanfallande med eksisterande/godkjend landbruksveg.

3.1.33 Flokenes kai



Storleik: 1,9 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som sjøareal.

Framlegg til ny arealbruk: Småbåthamn

Omtale av område: Våg

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Tiltaket grensar til lokalt viktig friluftsområde (FRIDA) med regional verdi med høg prioritet.	Regional verdi	Mogleg konflikt med regionale friluftsverdiar. Kan ha negativ konsekvens for opplevingskvalitetane for friluftsliv og rekreasjon	0/-


4. Infrastruktur og offentlige tjenester	Ligg 20 meter aust frå kommunal veg.			
5. Samfunns-tryggleik	Noko vindutsett, fare for materielle verdiar			-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak. Bygging av bustadar kan vere naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet.	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Tilgrensande sefrak-registrert bygg vest for område		Ingen konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Merkt som viktig gyteområde for torsk.	A	Småbåthamna kan virke forstyrrande for torsken. Uvisst omfang.	- -
11. Primærnæring	Grensar til låssettingsplass.			
12. Strandsone	Ligg i våg		Ingen kjent konflikt Auka bruk av strandsona?	0

Samla konsekvens: Tiltaket kan ha negativ innverknad for torskebestanden.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert lagt inn i plan.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentlig ettersyn: Innspelet vert lagt inn i planen.

3.1.34 Akvakultur Runnavika



Storleik: 27,8 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. Vist som akvakulturareal i gjeldande kommuneplan.

Framlegg til ny arealbruk: Akvakultur i sjø.

Omtale av område: Ligg om lag midtveges inn Førdefjorden. Ligg 500m frå grensa til reguleringsplanen for sjødeponi i Førdefjorden.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ikkje relevant			
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ligg eit område merkt i Frida på sørsida.	Lokal	Lita innverknad	0 / -
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Mogleg landtilkomst frå kommunal veg, 3km frå hovudveg			

5. Samfunns-tryggleik	Liten risiko i høve til vind.			0
6. Næring og sysselsetting	Vil gje nokre arbeidsplassar		Svak positiv konsekvens	+
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Vurdert til låg verdi på regional nivå, men B-verdi Førdefjorden på lokalt nivå.	B	Ligg nære land og i ei buktning i fjorden. Avgrensa visuell konsekvens	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjent konflikt			0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Israndavsetning registrert på sørsida. Førdefjorden er laksefjord, men avgrensinga går rett på sørsida. Gyteområde for torsk er registrert nord for lokaliteten.	B	Ikkje direkte konflikt med registrerte verdiar, men fare for rømming og sjukdomspreiing rett ved utpeikt laksefjord.	- -
11. Primærnæring	Ikkje relevant			
12. Strandsone	Ligg i strandsona		Ukjent bruksinteresse	0 / -


Samla konsekvens

Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte verdiar, men ligg tett på utpeikt laksefjord. Ligg også tett på vedteke sjødeponi. Eventuell tilkomst frå land vil innebære bruk av allereie trafikkfarleg veg.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert ikkje tilrådd.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Innspelet vert lagt inn i planen. Landtilkomst er ikkje aktuelt. Konfliktane er i stor grad knytta til oppdrett av laks og torsk. Det vert innarbeidd i planføresegnene at oppdrett av anadrom laksefisk og torsk ikkje er tillatt.

3.2 Stongfjorden



KU-kap

	Stadnamn	Kjelde / dok.nr	Type innspel	Kartref.	Storleik	Konklusjon	Storleik i plankart
3.2.1	Holevik	Dok 101	Fritid-/turist		42	Avvisast	0
3.2.2	Holevik	Dok 7	Fritidsbustad	F6	65	Akseptert	65
3.2.3	Holevik vest	Dok 6	Fritidsbustad	F7	46	Akseptert	19
3.2.4	Holevik	Dok 101 og 125	Småbåthamn	SBH3	31	Akseptert	5,5
3.2.5	Holevik/Dalen	Dok 21	Fritidsbustad	F8	81	Akseptert	37
3.2.6	Stubseidvågen	Dok 67,80,83,131	Småbåthamn	SBH4	16	Akseptert	16
3.2.7	Stubseidvågen	Dok 67,80,131	Fritidsbustad	F9	261	Akseptert	161
3.2.8	Kvalsida	Dok 80	Fritidsbustad	F10 Yndestad	13	Akseptert	15
3.2.9	Yndestad - Stang	Dok 87 og 24.06	LNF s. bustad	Stong	770	Akseptert	352
3.2.10	Yndestad	Dok 67	Bustad		66	Omgjering til LNF spreidd	0
3.2.11	Yndestad	Dok 111	Bustad		5	Omgjering til LNF spreidd	0
3.2.11	Yndestad	Dok 111	Fritidsbustad	F11	4	Akseptert	5
3.2.12	Stong	24.06.2013	Bustad		19	Omgjering til LNF spreidd	0
3.2.13	Stongfjorden	Dok 117 og 129	Naust+utleige		1.5	Avvisast	0
3.2.14	Stongfjorden	Dok 116	Bustad		7	Avvisast	0
3.2.15	Stongfjorden	Dok 123	Bustad	B12	24	Akseptert	24
3.2.16	Stongfjorden kai	Dok 109, 118	Naust	BA4	1	Akseptert	1
3.2.16	Stongfjorden kai	Dok 110	Naust	Na5	5	Akseptert	0,9
3.2.16	Stongfjorden kai	Dok 110	Fritidsbustad	F12	9	Akseptert	9
3.2.16	Stongfj. kai	Dok 110	Gang-s.lveg		14	Akseptert	14
3.2.17	Stafsnes	Dok 110	LNF s. bustad	Stafsnes	295	Akseptert	286
3.2.18	Langevatnet	Dok 110	Fritidsbustad	F13	56	Akseptert	56
3.2.18	Størdal	Dok 108	Fritidsbustad	F14	6	Akseptert	6
3.2.19	Størdal	Dok 108	Turist/fritid		7	Avvisast	0
			Turist/fritid+	FT10			
			småbåthamn	FT11			
3.2.20	Lia	Reg.pl i arbeid	småbåthamn	SBH12	7,5	Akseptert	7,5


3.2.21	Stang	Reg.pl i arbeid	Byggjeomr. gen.		Avvisast	0
3.2.22	Stafnes		Råstoffutvinning/ massetak	R6	3,5 Akseptert	3,5
3.2.23	Mjåset		Akvakultur	AK2	426 Akseptert	426

Etter første gong høyring er det gjort konsekvensutgreiing for område 3.2.22: Nytt byggjeområde råstoffutvinning (massetak) Stafnes og 3.2.23: Akvakultur Mjåset

Samla vert det føreslått lagt ut:

Føremål	Dekar	Tal på einingar
Bygg og anlegg	1	1 område
Busetnad	24	1 område
Fritidsbusetnad	381	10 område
Fritids- /turistføremål	5	2 område
Råstoffutvinning/ massetak	3,5	1 område
Naust	0,9	1 område
LNF spreidd	638	7 bustader
Småbåthamn	24	3 område
Akvakultur	426	1 område

3.2.1 Hølevik (eigedom 4/1 – dok 101)



Storleik: 73 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritid-/turistføremål. Planen er å leggje til rette for utleiehytter med konferansesenter og tilbod om sjørelaterte aktivitetar.

Omtale av område

Området er jomfrueleg svaberg med god sjøkontakt.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Hølevika er registrert som friluftsområde med lokal verdi	Lokal verdi	Om ein opnar opp for meir hyttebygging elles i Hølevika vil det vere auka behov for gode friluftssareal som dette	-

4. Infrastruktur og offentlege tenester	Innspelet ligg for enden av fylkesveg.			
5. Samfunns-tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Askvoll kommune har trong for aktivitet		Manglar grunnlag for å vurdere potensialet.	0/+
7. Universell utforming	Krav om universell utforming		Vert løyst i regplan iht TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Registrert som lokal landskapsverdi. Nakent svabergområde.	Lokal verdi	Tiltak vil vere eksponert	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Atkomstområde har noko fulldyrka mark og innmarksbeite		Noko konflikt med landbruksinteresse	-
12. Strandsone	Store delar av området ligg i 100m-beltet, og sjøkontakten er eit poeng i innspelet. Ubygt, fjell i dagen, sårbart..		Innspelet vil innebere nedbygging i strandsona.	-

Samla vurdering


Innspelet gjeld næringsverksemd i relativt urørt terreng for enden av kommunal veg. Både konferansedel/hytter og småbåthamn/sjøtilkomst vil virke privatiserande i Holveika, som er registrert med lokale friluftssinteresser. Desse felles interessene vil bli sterkare dersom det vert gitt løyve til ytterlegare hyttebygging i området.

Det er vanskeleg å vurdere næringspotensialet i innspelet utan at det ligg føre meir dokumentasjon / planar for drifta. Innspelet bør vurderast nærare av styringsgruppa og næringsgruppa i kommunestyret.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert avvist inntil det ligg føre nærare dokumentasjon på planane for verksemda.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist.

3.2.2 Holevik (eigedom 4/2 – dok 7)



Storleik: 65 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritidsbustad.

Omtale av område

Jordbruksland på hellande skråning i Holevika.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Området ligg mellom to verdiområde av lokal verdi. Sti går opp mot fjella.		Ingen vesentleg konflikt kjent. Må ikkje skape hindre i tilgangen til fjellområda ovanfor.	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg for enden av fylkesveg.			
5. Samfunns-	Sjå ros- analyse		Moderat risiko knytt til	-

tryggleik			skredfare Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Området er noko utsett vind. Fylkesveg ikkje utforma i tråd med normalane. Liten til moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Ligg i verdiområde med lokal verdi	Lokal verdi	Ingen vesentleg konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen verdiområde registrert. Nokre steingardar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ein del innmarksbeite og overflatedyrka mark	C-verdi	Noko konflikt mot eksisterande jordbruk	-
12. Strandsone	Ligg utanfor 100m-beltet		Ingen vesentleg konflikt	0

Samla vurdering


Innspelet er noko i konflikt mot jordbruk og friluftsliv. Desse interessene kan avklarast i reguleringsplan der heile området vert sett under eitt.

Behovet for småbåthamn må avklarast felles med dei andre innspela i området. Krav om disponeringsplan eller reguleringsplan for småbåthamn før småbåthamn kan vere del av tiltaket.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teken inn i plan.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidshus.

3.2.3 Holevik vest (eigedom 4/4 – dok 6)



Storleik: 46,4 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritidsbustad.

Omtale av område:

Ligg i vestkanten av Holevika og er stadvis bratt. Noko overflatedyrka, men i hovudsak skrinne mark /fjell i dagen.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:


KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Del av området ligg i verdiområde for Holevika som har lokal verdi	Lokal verdi	Bruken er truleg meir knytt til sjøareala enn dei over vegen. Dermed ingen vesentleg konflikt.	0
4. Infrastruktur og	Ligg for enden av			

offentlege tenester	fylkesveg.			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Området er noko utsett for vind. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Liten til moderat trafikkfare Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Ligg i verdiområde med lokal verdi. Skrinn mark og lokalisering gjer området eksponert	Lokal verdi	Noko synlegheit frå sjøen	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Noko innmarksbeite lengst i sør	C-verdi	Noko konflikt mot eksisterande jordbruk	-
12. Strandsone	Ligg delvis i 100m-beltet, men ovanfor veg		Ingen vesentleg konflikt	0

Samla konsekvens


Kan ha ei svak negativ visuell konsekvens for landskapsverdiområdet Stavfjorden. Stadvis bratt og innmarksbeite.

Fagleg konklusjon: Området avgrensast for å unngå innmarksbeitet og dei bratte områda. Resten takast inn i plan.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidshus, men vert avgrensa for å unngå innmarksbeite og bratte areal.


3.2.4 Holevik (dok 101 og 125)



Storleik: 34,5 dekar

Omtale av område

Det ligg to flytebrygger der i dag, men ikkje landareal eller beskytta av molo. Nord for holmen i midten ser Holevika grunn ut frå ortofoto. Holevika ligg vestvendt, og har direkte utsyn mot havet.



Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som generell sjø og vassdrag.

Framlegg til ny arealbruk: Sjø og vassdrag - småbåthamn. Ønske om småbåthamn kjem både frå innspelet om konferansesenter/utleigehytter og innspela om fritidsbustader. I innspelet om konferansesenter / utleigehytter er det vist ei skisse der småbåthamna tek i bruk nordre del av vika, medan det andre innspelet ikkje har skisse.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Småbåthamna er tiltenkt hytteområda omkring			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Holevika er merkt i FRIDA som friluftsområde med lokal verdi	Lokal verdi	Bruken av området i dag er ukjent. Bruksinteresser vil auke ved vidare utbygging i nærområdet	-
4. Infrastruktur og offentlege tenester			Småbåthamna vil krevje tilkomstveg og landareal	
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Ekspontert mot nordvest. Treng truleg molo. Fv. er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten til	-

			moderat trafikkfare. Reguleringsplan må løyse tilkomstveg	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming				
8. Landskap og estetikk	Merkt som C- verdiområde lokalt og regionalt.	C-verdi	Ingen vesentleg konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ligg i vik.			

Samla vurdering


Lettare tilgang til sjø på nordsida, men der ser også sjøen grunnare ut. Veldig eksponert mot hav. Sannsynlegvis krav til fast installert molo.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert lagt inn, men med krav om felles disposisjonsplan / reguleringsplan som viser tilkomstveg, landareal med parkering og disponering av sjøareala.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som småbåthamn.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentlig ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området, og krev at arealet vert redusert og at parkeringsplass og tilkomstveg må konsekvensutgreiast. Det bør gjerast minst mogeleg inngrep i dei grunne områda. Området vert vesentleg redusert. Det vert ikkje opna for bygging av molo, og småbåthamna vert dermed avgrensa til sommarbruk. Det vert heller ikkje opna for vegtilkomst, parkeringsplass og slipp. Det vert teke inn føringar om minst mogeleg inngrep i planføresegnene.

3.2.5 Holevik/Dalen (eigedom 4/3 – dok 21)



Storleik: 87 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF. Ligg inntil eksisterande plan 2009001 (Dalen) som opnar for 7 fritidshus. Hittil er eitt av dei utbygt.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritidsbustad. Ønskjer å leggje til rette for hyttebygging.

Omtale av område:

Området er prega av noko innmarksbeite og elles skrinns jord / fjell i dagen. Det er vestvendt og har direkte eksponering mot sjø.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering			
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg langs fylkesveg.			

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Området er utsett for vind. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Registrert som lanskapsområde C-verdi	C-verdi	Noko konflikt	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Mest skogkledt, noko overflatedyrka mark		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Innspelet går frå 0 til ca 170m frå strandlina.		Ligg i strandsona.	-


Samla konsekvens

Området ligg eksponert mot havet og innspelet gjeld heilt ned til vasskanten. Dersom innspelet reduserast til arealet ovanfor vegen vil konsekvensane vere meir akseptable.

Fagleg konklusjon: Arealet nedanfor vegen vert lagt til LNF, medan resten går til byggjeområde fritidsbustad.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidsbustad, men arealet på sjøsida av fylkesvegen vert teke ut.

3.2.6 Stubseidvågen, Grimelia (dok 67, 80, 83 og 131)



Storleik: 16 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som Sjø og vassdrag generelt føremål.

Framlegg til ny arealbruk: Sjø og vassdrag – småbåthamn. Ønskjer å leggje til rette for småbåthamn. Treng molo og landareal / tilkomst.

Omtale av området: Urørt vik.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Er tiltenkt hytteområda.			0
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg for enden av kommunal veg			
5. Samfunns-	Sjå ros- analyse		Eksponert mot	-


tryggleik			nordvest og treng molo. Fv. er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Reguleringsplan må løyse tilkomstveg	
6. Næring og sysselsetting				
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Ligg i C-verdiområde	C-verdi	Ikkje vesentleg konflikt	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Anna bruk av området er ikkje kjent		Ingen kjent konflikt	

Samla vurdering: Det er behov for opparbeiding av landareal. Uklart kvar dette skal vere. Sannsynleg behov for molo.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert lagt inn, men med krav om felles disposisjonsplan / reguleringsplan som viser tilkomstveg, landareal med parkering og disponering av sjøareala.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som småbåthamn.

3.2.7 Stubseidvågen, Grimelia (eigedom 2/1, 6/6 og 6/7 – dok 67, 80 og 131)



Storleik: 261 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad. 3 grunneigarar har sendt kvar sine innspel med ønske om fritidsbustad på eigen eigedom. Her vurderast samla om og eventuelt kvar i Stubseidvågen det kan være eigna for fritidsbustad. Sjøtilkomst er også ønska (blir vurdert separat i eiga vurdering).

Omtale av område:

Området er sjønært areal dels dekket av overflatedyrka jord og noko fulldyrka. Resten i hovudsak skinn jord/fjell i dagen og svaberg. Kommunal veg ender opp ved Stubseidvågen. Langs vegen ligg eit bustadhus og nokre fritidsbustader. Resten av området er ubebygget.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:


KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0

4. Infrastruktur og offentlege tenester				
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Liten risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand. Området er noko utsett for dårleg ver. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	C-verdiområde lokalt og regionalt.	C-verdi	Noko konflikt	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Nokre meldepliktige bygg (SEFRAK) i samband med gardstuna		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Heile innspelet ligg i område registrert som kystlynghei (Grimeli) Verdi: Lokalt viktig (C)	C-verdi	Liten konflikt	-
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ope kulturlandskap med god sjøkontakt. Del av innspelet i 100m-beltet		Sterk konflikt mot strandsonevernet i nedre del av innspelet.	- - -

Samla konsekvens

Områdets karakter som eit ope landskap med god sjøkontakt vil bli øydelagt ved utlegging av hyttefelt i området. Deler av området er i konflikt med jordbruk, for bratte, eller er svaberg i strandsona. Innspelet bør avgrensast til eit mindre område og gjerast om til spreidd fritidsbustad i staden for byggjeområde.


Fagleg konklusjon: Området vert redusert i omfang. Reguleringsplan må gjere nærare avgrensing og vurdere funksjonell strandsone.



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidsbustad, men vert avgrensa slik at ekspontert strandsone og fulldyrka mark vert teke ut.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen rår til å ta ut vestleg del av området. Det er ikkje sett konkret byggjegrænse langs sjø (generell 100m gjeld). Fylkesmannen opprettheld retten til motsegn på reguleringsplannivå.

3.2.8 Kvalsida (eigedom 6/7 – dok 80)



Storleik: 13,3 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad. Ønskjer å leggje til rette for hyttebygging. Tilkomstveg langs eksisterande landbruksveg.

Omtale av område:

Kulturlandskap, innmarksbeite, nedanfor vegen mot sjø.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg langs fylkesveg			

5. Samfunns-tryggleik				Liten risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggjast min 3 moh over normalvasstand. Området er noko utsett for dårleg ver. Lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	C-verdiområde	C-verdi	Ikkje vesentleg konflikt	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Innmarksbeite	B-verdi	Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Innspelet går frå 0-70m frå strandlina. Vegen går på oppsida av vegen		Sterk konflikt mot strandsonevernet.	- - -

Samla konsekvens


Heile innspelet ligg i 100m-beltet og i eit hittil ubyggd område nedanfor vegen mot sjø.



Fagleg konklusjon: Innspelet avvisast.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidshus.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentlig ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området ut frå strandsonevern. Byggjegrense langs sjø vert sett til 25m.

3.2.9 Stubseid – Yndestad - Stong (fleire eigedomar – dok 87 og muntleg innspel)





Storleik: 770 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF bokstav b) spreidd bustad. Ønskjer å leggje til rette for einskilde bustadar.

Omtale av område:

Ligg i til dels bratt terreng langs fylkesveg ut mot Stavenes. Kulturlandskap, noko fulldyrka jord, elles skog og innmarksbeite (noko av det på blokkmark og skrinne jord). Noko spreidd busetnad og driftsbygningar for landbruket.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg langs fylkesveg. 15m byggegrense			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Moderat til stor risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærare sannsyn for ulike rastypar. Bygg bør leggjast min 3 moh over normalvasstand. Området kan vere utsett for vind. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	- -
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Ligg i verdiområde C	C-verdi	Kan vere naudsynt for å oppretthalde kulturlandskapet	+
9. Kulturminne og kulturmiljø	To freda gravminne på Yndestad		Gravminna føresetast urørt.	0


10. Naturverdier og biologisk mangfold	A-verdiområde edellauvskog registrert cirka midt i området	A-verdi	Edellauvskogen må fjernast frå innspelet.	- - -
11. Primærnæring	Delvis fulldyrka mark vist som kjerneområde landbruk. Noko innmarksbeite som framstår som skrin jord, og noko skog.		Høg konflikt mot kjerneområde landbruk, svak konflikt mot jordbruksinteresse utanom desse.	- - -
12. Strandsone	Del av i 100m-beltet, ubygd og nedanfor fylkesveg.		Stor konflikt mot strandsonevernet	- - -

Samla konsekvens

Frå vest er det først for bratt ovom vegen (gnr bnr 7/2). Inne på 9/1 er det fortsatt bratt på begge sider av vegen, og truleg rasfare ovom. Etter nokre 100m kjem ein inn på fulldyrka mark som også er merkt som kjerneområde landbruk. Ovanfor vegen ligg eit eksisterande bustadhus. Rundt dette er det mogleg med fortetting (rasfare). Vidare bortover dukker det opp små moglegheiter for husbygging på oversida av vegen, men med potensiell rasfare. Lengre inn mot Stong er landskapet noko rolegare og det ligg meir utbygt frå før.


Fagleg konklusjon: Det er lite eigna areal i vest og dette vert foreslått teke ut av innspelet. I aust er det noko betre, men arealet foreslås redusert til der risikoen ikkje er for stor og der det ikkje er i konflikt mot strandsona, kjerneområde landbruk, automatisk freda kulturminne og viktige naturmiljø.

Tal på nye bustader i planperioden = 2



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd, og delt i to. I LNF spreidd Yndestad vert det rom for 2 bustader, og i LNF spreidd Stong 3 bustader. Området vert avgrensa ved at den vestre halvdelen av området og kjerneområde landbruk vert teke ut. I tillegg vert det høgstliggande arealet på nordsida av fylkesvegen teke ut. Innspela om bustadområde, jfr. kap. 3.2.10, 3.2.11 og 3.2.12 vert teke med i LNF spreidd-områda.

3.2.10 Kviteneset, Yndestad (eigedom 10/3 – dok 67)



Storleik: 65,8 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad. Ønskjer å leggje til rette for bustadområde.

Omtale av område:

Området ligg langs fylkesvegen. Innmarksbeite. Skrånande terreng, til dels bratt, ned mot sjøen.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg om lag 3km frå Stongfjorden sentrum. Ingen busstransport.		Vil bli bilbasert område.	-
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg langs fylkesveg 363.			

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		LNF spreidd Yndestad: Moderat til stor risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærare sannsyn for ulike rastypar. Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast Området kan vere utsett for vind. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt. LNF spreidd Stong: Moderat til stor risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærare sannsyn for ulike rastypar. Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast Området kan vere utsett for vind. Fv. ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU etter TEK 10		Føresett at krava vert fulgt.	0
8. Landskap og	Ligg i C-	C-verdi	Noko konflikt	-

estetikk	verdiområde			
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ein del innmarksbeite registrert.	C-verdi	Nedbygging av innmarksbeite.	-
12. Strandsone	Innspelet ligg delvis i 100m-beltet og nedanfor vegen. Ikkje bygt frå før. Bratt ned mot sjøen.		I konflikt med strandsona.	- -

Samla konsekvens


Innspelet er i konflikt med strandsonevernet, og er stadvis bratt. Det ligg noko langt frå bygda. Del av området er mindre konfliktfylt, men ei stor utbygging her passer ikkje godt i høve til overordna målsetting om å skape minst mogleg transportbehov.

Fagleg konklusjon: Området vert gjort om til LNF-spreidd bustad (inkluderast i førre innspel.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd, jfr. kap. 3.2.9.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Ut frå at nokre område for fritidshus vert teke ut av planen, vil ein opne for eit avgrensa område for fritidshus her. Vurderingane i konsekvensutgreiinga vert dei same som for bustadhus over. Byggeområdet vert i stor grad liggjande utanfor 100m-beltet.

3.2.11 Yndestad (eigedom 8/10 – dok 111)



Storleik: 4,5 daa og 5,0 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad og byggeområde fritidsbustad. Ønsker å leggje til rette for bustad (1 tomt) og fritidsbustad. Ønsker oppstartsmøte.

Omtale av område:

Området ligg i sydvendt kulturlandskap nær sjøen. Der det er føreslått fritidsbustad ligg det nokre bygningar i dag. Området har tidlegare vore brukt som kai.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Om lag 1,8km til Stongfjorden sentrum. Ikkje busstilbod			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege	Ligg rett ved Fv 363.			

tenester				
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		F11: Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærare sannsyn for ulike rastypar. Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand. Området kan vere utsett for vind. Fv. og lokal veg ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	TEK10			
8. Landskap og estetikk	C-verdi	C-verdi	Liten konflikt mot landskapsomsyn	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Bustadføremål føreslått delvis på fylldyrka mark/innmarksbeite.		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Begge delene av innspelet ligg i 100m-beltet. Det er delvis bygt i dag og framstår som privatisert.		Innspela vil privatisere denne delen av strandsona ytterlegare. Fritidsbustadane vil ligge heilt nede ved sjøen.	- - -

Samla konsekvens

Bustadområdet er ei fortetting av eksisterande busetnad og har ingen vesentleg konflikt.


Fritidsbustadane ved sjøen er føreslått i eit område som allereie til ein viss grad er privatisert og utbygt. Å omdisponere området til fritidsbustad vil føre til ein vidare privatisering. Innspelet vert ikkje teke til følgje.

Fagleg konklusjon: Bustadområdet vert teke inn i planen som LNF-ja (inkluderast i LNF-ja området), fritidsbustadane ikkje. Tal på nye bustader i planperioden = 1

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet om bustader vert teke med som LNF spreidd, jfr. kap. 3.2.9. Innspelet om fritidshus vert teke med som byggjeområde fritidshus.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentlig ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området for fritidshus ut frå strandsonevern. Det vert innarbeidd føringar i planføresegnene om landskapstilpassing og maksimalt tillatt 2 fritidshus.

3.2.12 Stong (eigedom 11/1 – folkemøteinnspeil)



Storleik:19 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad. Ønskjer å leggje til rette for bustad.

Omtale av område:

Bratt skog. Noko flatare heilt nede ved sjøen.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Om lag 1,5km til Stongfjorden. Ikkje buss.			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Avkjørsle frå Fv 363			
5. Samfunns-				

tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	TEK10			
8. Landskap og estetikk	C-verdiområde. Bratt terreng	C-verdi	Må gjere terrengtilpassing for å lage tomtar.	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	100m-beltet. Ikkje bygt. Skog. Bruksinteresse ukjent		Grunna terrenget er det mest naturleg å legge bustadane heilt ved sjøen, som vil innebære ei privatisering av strandsona.	- - -


Samla konsekvens

Direkte konflikt mot strandsonevernet. Bustadane kan kome til å ligge så lite som 3-5m frå vasskanten.

Fagleg konklusjon: Innspelet føreslås teke ut av plan - ikkje teke til følge.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd, jfr. kap. 3.2.9. Byggjegrænse 50m.

3.2.13 Stongfjorden (eigedom 11/2 og 3 – dok 117 og 129)



Storleik: 0,7 og 0,9 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan (kommunedelplan for Stongfjorden, 1994) er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritid- og turistføremål og byggjeområde naust. Ønskjer å leggje til rette for utleiegeiningar (hyttenaust) og naust.

Omtale av område

Området ligg mellom fylkesvegen og sjøen i Stongfjorden sentrum. Relativt flatt område. God visuell kontakt mellom vegen og sjøen i dag.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg i Stongfjorden sentrum			

5. Samfunns-tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Utleigeeiningane er positivt for turistnæringa i Stongfjorden			++
7. Universell utforming	Krav om UU på utleigeeiningane			
8. Landskap og estetikk	Ligg i C-verdiområde.		Ingen kjent konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ligg i strandsona. Nokså flat, tilgjengeleg i dag med høgt brukspotensial.		Innspela vil privatisere del av strandsona nær sentrum med høgt brukspotensial. Vil også redusere sjøkontakten frå vegen.	- - -

Samla konsekvens


Utbygging av attraktive utleigeeiningar kan vere gunstig for turisme, men samstundes er dette eit sentralt opplevingsområde som har stort brukspotensial og førebels ikkje har høg privatiseringsgrad.

Fagleg konklusjon: Denne delen av strandsona bør utviklast til allment tilgjengeleg. Innspela føreslås difor ikkje teke til følgje.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Frå gamalt av har det vore naust og sjøbuer i området. Området vert teke inn i planen som eksisterande byggeområde for naust og sjøbuer (med høve til fortetting).

3.2.14 Stongfjorden (eigedom 12/2 – dok 116)



Storleik: 7 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad. Ønskjer å leggje til rette for utleigebustad for potensielle innflyttarar.

Omtale av område

Området er eit flatt jorde i overkant av eksisterande byggjefelt.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg i bygdesenteret		God lokalisering i høve til offentlege tenester.	+
2. Barn og unge				
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Kommunal veg går over i privat veg.			
5. Samfunns-				

tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Utleigeeiningar naudsynt for folk som ønskjer å prøve å bu i kommunen		Naudsynt for å oppretthalde folketalet.	+
7. Universell utforming	Krav om UU			
8. Landskap og estetikk	Ligg i C-verdiområde		Ingen kjent konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Jordbruk – fulldyrka og overflatedyrka mark over heile området.	B-verdi	Jordbruksland blir nedbygt.	- -
12. Strandsone	Utanfor 100m-beltet			


Samla konsekvens

Innspelet vil innebere nedbygging av fulldyrka mark. Det ligg nære bygdesenteret og har god lokalisering for bustad. Nedbygging av fulldyrka mark kan vere akseptabelt dersom ein ikkje har andre alternativ, og utnyttinga av området settast høgt. Stongfjorden har ikkje særskilt høg utnytting i dag, og det bør vere mogleg å finne alternativ lokalisering for slike bustadar.

Fagleg konklusjon: Innspelet føreslås avvist. Ein kan søkje andre lokalitetar for utleigebustad.

Styringsgruppa sin konklusjon: Innspelet vert avvist.

3.2.15 Stongfjorden (eigedom 11/7 og 12/2 – dok 123)



Storleik: 31,4 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde bustad. Ønsker å leggje til rette for bustad.

Omtale av område

Skogkledt ikkje utbygt skråning ovanfor Stongfjorden. Vestvendt.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg i bygdesenteret		God lokalisering i høve til offentlege tenester.	+
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Krev framføring av ny tilkomstveg og VA.			
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse og nedsida.		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak	- -

			skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare Stongselva enn 100 m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. og lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Krav om UU.			
8. Landskap og estetikk	C-verdiområde	C-verdi	Ingen kjent konflikt	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ligg utanfor 100m-beltet.			


Samla konsekvens

Utfordrande terreng å føre veg fram i. Ingen andre vesentlege konflikhtar. Dersom ein kan løyse framføring av infrastruktur i reguleringsplan kan området byggast ut.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert lagt inn i planen. Nokre bustadar kan med fordel gjerast til utleigebustadar (ref førre innspel).

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde bustad.

3.2.16 Stongfjorden kai - Urdanes (eigedom 12/1, 2, 8, og 13/2 og 4 – dok 109, 110 og 118)



Storleik: Naust 0,5 daa (dok 109), 0,2 daa (dok 118), 4,6daa og fritidsbustad 8,5 daa. Gang- og sykkelveg. (dok 110).

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde anna bygg og anlegg - naust (7,4 daa) og fritidsbustad (6,0 daa). 420m gang- sykkelveg.

Omtale av område:

Ønskjer å leggje til rette for veteranbåtnaust, private naustanlegg, fritidsbustad og gang-sykkelveg.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	GS-veg vil gjere gange/sykling mogleg til/frå Stongfjorden			+ +
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0

rekreasjon				
4. Infrastruktur og offentlege tenester			Byggegrense frå Fv 15m.	
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros- analyse		Na4: Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal kommunen vurdere om det skal utarbeidas faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastypar. Tiltak mot stormflod bør vurderast. Fv. og lokal veg er ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Na5: Liten til moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Tiltak mot stormflod bør vurderast. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Fv. er ikkje utforma i tråd med normalane. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. F12: Liten risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Tiltak mot stormflod bør vurderast. Fylkesveg er ikkje utforma i tråd med	-

			normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. GS2: Middels risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Tiltaket fører til trafikktrygging.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	UU bør tilstrebast på GS-veg			
8. Landskap og estetikk	Ligg i C-verdiområde	C-verdi	Noko konflikt	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Veteranbåten treng eit naust	+
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Føreslått hyttefelt i konflikt med innmarksbeite		Konflikt mot innmarksbeite	-
12. Strandsone	Ligg i 100m-beltet og nedenfor vegen. Nausta er sjørelatert.		Området er ikkje bygt i dag, men det er bratt og utilgjengeleg frå Stongfjorden. GS-veg vil vere vesentleg auke av tilgjengelgheita. Utforming av naust- og fritidsbustadområdet blir avgjerande for kva kvalitetar som blir att til allmenta	+ +

Samla konsekvens

Innspelet er samansett der grunneigar får noko og gjev noko att. Samla vil innspelet auke tilgjenglegheita til strandsona og trafikktryggleiken mellom Urdaneset og Stongfjorden.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke til følgje. Rekkefølgjekrav om gang- og sykkelveg.


Styringsgruppa sin konklusjon: Området lengst vest vert teke med som byggjeområde fritidsbustader. Gang- og sykkelveg vert teke med i planen. Kaia og området langs fylkesvegen vert teke med som samferdsel-føremål. Området vest for kaia vert teke med

som næringsområde, medan bygga aust for kaia vert teke med som generelt byggjeområde. Det må lagast reguleringsplan for heile området samla for å avklare bruken i detalj, før det vert gjeve løyve til tiltak.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området for fritidshus og området for naust lengst vest. Naustområdet vert teke ut av planen. Området vest for kaia vert endra frå næringsområde til generelt byggjeområde, slik at ein kan vurdere nærare kva bruk som er ønskjeleg i arbeidet med reguleringsplan.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 2. gongs offentleg ettersyn: Etter innspel frå grunneigar er naustområdet lengst vest redusert til om lag 60m lengde. Framlegget er sendt på avgrensa høyring til fylkesmannen, og fylkesmannen har trekt motsegna si. Naustområdet vert teke med i planen.

3.2.17 Stafnsnes (eigedom 13/1 og 2 – dok 110 og folkemøte)



Storleik: 295 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: LNF Spreidd bustad

Omtale av område

Jordbruksland langs fylkesvegen på sørsida av Stongfjorden. Skrånande terreng ned mot fjorden.


Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Langstrakt, austenden er nær Stongfjorden.			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ved Fv 609		Byggegrense frå fv 15m.	

5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggest min 3 moh over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Området kan vere noko utsett for vind. Fv. er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Bygningar bør plasserast utanfor magnetisk felt.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utf.				
8. Landskap og estetikk	Ligg i C-verdiområde	C-verdi		
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Noko fulldyrka mark og innmarksbeite	B-verdi	Slik innspelet føreligg kan det medføre nedbygging av landbruksjord	- -
12. Strandsone	Del av innspelet ligg i 100m-beltet ned til sjøen.		Innspelet går på begge sider av vegen.	- -


Samla konsekvens: Deler av innspelet i konflikt med jordbruksinteresse og/eller strandsona.

Fagleg konklusjon: Innspelet føreslås redusert til i hovudsak over vegen, med unntak der vegen ligg lengre frå strandlina enn 100m. Byggesak bør sikre at det ikkje er i konflikt med jordvern. Tal på nye bustader i planperioden = 2



Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som LNF spreidd med rom for 2 bustader. Planføresegner avgrensar utbygging iht. dyrka mark og strandsone.

3.2.18 Langevatnet (dok 110)



Storleik: 56 daa

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggjeområde fritidsbustad. Ønskje om hytter utan infrastruktur.

Omtale av område: Ligg til fjells i utmarksområde.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ingen tilgang til etablert infrastruktur.		Tiltaket er tenkt utan tilknytning til infrastruktur.	0
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		Moderat risiko knytt til skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det	-

			utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand. Området kan vere noko utsett for vind.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	C-verdiområde	C-verdi	Området ligg på ei høgde, men vil truleg ikkje vere synleg, då det ligg skog rundt og over.	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Ingen registrering		Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ikkje relevant			

Samla konsekvens


Fritidsbustadane vert føresettt satt opp som mindre fritidsbustadar utan tilknyting til offentleg infrastruktur. Tilkomstveg vert ikkje tillate, heller ikkje i anleggsfasen.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke til følgje.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som byggjeområde fritidsbustad.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området ut frå at det ligg i eit større samanhengande urørt område. Det vert teke inn føringar i planføresegnene som avgrensar maksimalt tal hytter og set byggjegrænse mot vatnet.

3.2.19 Størdal (eigedom 14/3 – dok 108)



Storleik: 7,4 og 6,0 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Byggeområde fritids- og turistføremål (7,4 daa) og fritidsbustad (6,0 daa). Forslagsstiller er grunneigar og meiner dette er naudsynt for å halde småbruket i hevd.

Omtale av område: Ligg langs fylkesvegen ytst i Stongfjorden. Skrånande terreng.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Verdivurdering	Verdi	Konsekvensvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport				
2. Barn og unge				
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester				
5. Samfunns-tryggleik	Sjå ros-analyse		F14: Liten til moderat risiko for skredfare.	-

			Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Området er noko utsett for vind. Fv.er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt. FT4: Liten risiko for skredfare. Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand. Ved regulering eller byggesak nærare elv enn 20 m må byggegrense frå elv vurderast. Området er utsett for vind. Fv.er ikkje utforma i tråd med normalane. Liten trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	C-verdiområde	C-verdi		
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen område registreringar. Nokre steingardar.		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0

11. Primærnæring	Noko fulldyrka mark og innmarksbeite		Nedbygging av jordbruksareal. Eigar har velt ut teig av større område som er minst brukbar til jordbruk	-
12. Strandsone	Begge utbyggingsområda ligg i 100m-beltet frå Størdalselva. Lite tilgjengeleg i dag.		Inneber ei nedbygging av strandsona, men den er lite tilgjengeleg i dag. Utbygging kan gjere det meir tilgjengeleg	0

Samla konsekvens


Stadvis bratt område. Det inneber noko nedbygging av dyrka mark og bygging i strandsona. Dette er areal som er lite drivverdig i dag og ikkje merkt i kjerneområde landbruk. Strandsona er i dag lite tilgjengeleg og kan bli meir tilgjengeleg som følgje av føreslått utbygging.

Fagleg konklusjon: Arealet nedenfor vegen og mot sjø vert lagt ut som fritid-/turistføremål, og arealet oppom vegen vert lagt ut som fritidsbustad. Sikre tilgjenge til strandsona for allmenta i reg.plan.

Styringsgruppa sin konklusjon: Områda vert tekne med som byggjeområde fritidsbustad og byggjeområde fritids-/turistføremål.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området for fritid-/turistføremål ut frå strandsonevern. Området vert teke ut av planen.

3.2.20 Lia (eigedom 3/1)



Storleik: 16 dekar fritid-/turistføremål + 2,7 dekar småbåthamn

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF og generell sjø.

Framlegg til ny arealbruk: Fritid-/ turistføremål med småbåthamn. Intensjonen er å skape eit reisemål for arrangement for næringsliv og reiseliv elles. Det er starta opp reguleringsplan og utarbeida forslag til konsekvensutgreiing som del av reguleringsplanen.

Omtale av område: Bart fjell / kystlynghei, eksponert mot vik / sjø i nord.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ikkje relevant			
3. Friluftsliv og rekreasjon	Lokalt viktig friluftsområde (FRIDA)		Noko konflikt	-
4. Infrastruktur og offentlege	Tilkomst vil bli løyst via sjø. Ingen			0

tenester	vegtilkomst.			
5. Samfunns-tryggleik	Ligg ned mot sjø		Bygg bør leggst min 3 moh over normalvasstand.	
6. Næring og sysselsetting	Sysselsettingstiltak		Positiv gevinst	+
7. Universell utforming	Krav om UU i TEK 10		Blir ivareteke som følge av TEK 10	0
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stavfjorden – verdi C	C	Konflikt med eksponert landskapsform. Omfang avhengig av utforming av plan og tiltak.	-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjente registreringar	0	Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ligg i verdiområde for naturtype Kystlynghei på Grimeli. Naturtype strandeng Apekroken, lokal verdi C	C/C	Økt bruk vil kunne vere belastande på naturtypeområdet	-
11. Primærnæring	Ingen registrering	0	Ingen konflikt	0
12. Strandsone	Ligg i strandsona		Vil privatisere del av strandsona	- -

Samla vurdering:


Innspelet legg opp til å lage ein destinasjon i eit lite utnytta område. Det er høvesvis godt utgreidd gjennom utarbeiding av forslag til reguleringsplan. Utforming av tiltak bør tilpassast terrenget slik at det ikkje skapar sår i landskapet.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i planen.

Styringsgruppa sin konklusjon: Områda vert teke med som fritids-/turistføremål og småbåthamn.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot områda ved sjøen ut frå strandsonevern og at det er eit større samanhengande urørt område. Område for småbåthamn og område for fritid/turisme i Apekroken vert redusert til berre det arealet som er nødvendig. Det vert teke inn føringar i planføresegnene om minst moglege inngrep.

3.2.21 Stang (eigedom 11/3)



Storleik: 4 daa (BA5 i kartet over)

Status i gjeldande plan: Del av innspelet går inn på reguleringsplan for Settefiskanlegg. Innspelet er i planframlegget avgrensa til del som ligg utanfor reguleringsplan for settefiskanlegget.

Framlegg til ny arealbruk: Bygg og anlegg. Intensjonen er å legge til rette for hytte, naust og småbåthamn.

Omtale av område: Skogkledt, hellande terreng ned mot sjø (Stongfjorden)

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg nær fylkesveg		Treng ny avkjørsle frå FV.	-

5. Samfunns-tryggleik	Moderat risiko knytt til skredfare. Området kan vere utsett for vind. Fv. er ikkje utforma i tråd med normalane. Moderat trafikkfare. Trafikktryggleik og tilkomst må vurderast særskilt.		Ved reguleringsplan/ tiltak skal det utarbeidast faresonekart for å kartlegge nærmare sannsyn for ulike rastyper. Bygg bør leggest min 3 moh over normalvasstand.	-
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Regionalt nivå: LO Ryggsteinhavet/ Brufjorden – verdi: C (vanleg førekommande landskap) Lokalt nivå: LO Stongfjorden – verdi C Ubygd	C	Omfang og konsekvens avhengig av utforming av plan og tiltak.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Skog (AR5)		Ingen kjent konflikt	0
12. Strandsone	Heile innspelet ligg i 100m-beltet. Skrånande terreng		Konflikt med strandsonevernet. Utbygging kan føre til privatisering	-

Samla vurdering


Innspelet ligg nær akvakulturanlegg og nær Stongfjorden. Ved utforming av tiltak må ein sjå nærare på korleis avkjørsle frå fylkesvegen skal løysast. Moderat skredfare må vurderast.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teke inn i plan under tvil. Reguleringsplan må dokumentere god avkjørsle og tryggleik i høve til skred.

Styringsgruppa sin konklusjon: Området vert teke med som generelt byggjeområde.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Fylkesmannen har motsegn mot området ut frå strandsonevern. Området vert teke ut av planen.

3.2.22 Stafsnes (eigedom 13/2)



Storleik: 3,5 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. I overordna plan er området vist som LNF.

Framlegg til ny arealbruk: Massetak med tilkomstveg

Omtale av område: Skog

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
1. Areal- og transport	Ligg ca. 200 meter aust for fylkesveg 609.			
2. Barn og unge	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Ligg ca. 200 meter aust for fylkesveg.		Vegtilkomst må løysast som del av regplan.	0
5. Samfunns-tryggleik	Ligg i aktsemdområde for skredfare.		Krav om geologisk undersøking før	-

			godkjent reg.plan.	
6. Næring og sysselsetting	Ikkje relevant			
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Ligg i C-verdiområde	C-verdi	Mogleg massetaket vil vere synleg frå vegen og frå fjorden.	0/-
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrering		Ingen kjent konflikt	0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ingen registreringar		Ingen kjent konflikt	0
11. Primærnæring	Registrert som skog med særst høg bonitet og skog med høg bonitet. Tilkomstveg over dyrka mark.		Liten konflikt	0/-
12. Strandsone	Utanfor 100-meters belte		Ingen konflikt	0


Samla konsekvens

Innspelet har mogleg konflikt mot skogbruk og landskapsverdi. Det er også noko skredfare.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert teken inn i plan. Vegtilkomst må løysast som del av reguleringsplan. Det må gjennomførast geologisk undersøking før godkjent reguleringsplan.

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Området vert teke med som byggjeområde råstoffutvinning.

3.2.23 Akvakultur Mjåset



Storleik: 426 dekar

Status i gjeldande plan: Området er ikkje regulert. Vist som akvakulturareal i gjeldande kommuneplan.

Framlegg til ny arealbruk: Akvakultur i sjø.

Omtale av område: Ligg langs land på nordsida av Stongfjorden.

Verdisetting av område og konsekvensvurdering ved ny arealbruk:

KU- tema	Kunnskapsgrunnlag/ registreringar	Verdi	Omfangsvurdering	Konsekvens
Samfunn				
1. Areal- og transport	Ikkje relevant			
2. Barn og unge	Ikkje relevant			
3. Friluftsliv og rekreasjon	Ingen registrerte verdier			0
4. Infrastruktur og offentlege tenester	Mogleg landtilkomst frå fylkesveg, må etablere ny avkjørsle			
5. Samfunns-	Noko verutsett		Godkjent utstyr bør fysisk testast.	-

tryggleik				
6. Næring og sysselsetting	Vil gje nokre arbeidsplassar		Svak positiv konsekvens	+
7. Universell utforming	Ikkje relevant			
8. Landskap og estetikk	Landskapsområde er vurdert til C-verdi på både lokalt og regionalt nivå.	C	Lite tiltak i større landskapsrom. Liten konsekvens.	0
9. Kulturminne og kulturmiljø	Ingen kjent konflikt			0
10. Naturverdiar og biologisk mangfald	Ligg i open fjord med god sirkulasjon. Tilhøve på botnen og kapasitet i fjordbasseng ikkje kjent. Lokalitet Hella ligg sør for denne lokaliteten.		Eventuell fiskerømming kan få konsekvens for nasjonale laksefjordar.	-
11. Primærnæring	Ikkje relevant			
12. Strandsone	Ligg i strandsona		Ukjent bruksinteresse	0 / -

Samla konsekvens

Innspelet er ikkje i konflikt med kjente verdiar. Ligg i større fjordbasseng nær havet. Tilkomst frå land kan skje via fylkesveg.

Fagleg konklusjon: Innspelet vert lagt inn i plan

Styringsgruppa sin konklusjon etter 1. gongs offentleg ettersyn: Landtilkomst er ikkje aktuelt. Innspelet vert lagt inn i plan.